


# BACHELOROPPGÅVE

## Automatisert batteribyte på bilferje

### *Hovudprosjekt*



#### Kandidatnummer

01  
06  
14  
19  
12

#### Prosjektgruppa

Thomas André Bondehagen  
Jermund Hopland  
Erlend Ese  
Thomas Indrefløy  
Roy Andre Solvåg-Hellevang

### *Automated battery swap on car ferry*

Avdeling for Ingeniør og Naturfag  
H02-300 Hovudprosjekt 23. mai 2014

## Referanseside

<b>TITTEL</b> Hovudprosjekt HO2-300 Bacheloroppgåve	<b>RAPPORTNR.</b> 01	<b>DATO</b> 23.05.2014
<b>PROSJEKTTITTEL</b> Automatisert batteribyte på bilferje	<b>TILGJENGE</b> Open	<b>TAL SIDER</b> 48 pluss vedlegg
<b>FORFATTARAR</b> Thomas Bondehagen Erlend Ese Jermund Hopland Thomas Indrefløy Roy Andre Solvåg-Hellevang	<b>ANSVARLEG RETTLEIAR</b>  Joar Sande – Prosjektansvarleg	
<b>OPPDRAGSGJEVAR</b> Multi Maritime AS		
<p><b>SAMANDRAG</b> Bacheloroppgåve – Automatisert batteribyte på bilferje.</p> <p>Multi Maritime AS vil ha utgreia om det er mogleg å drive ei elektrisk bilferje, med ei løysing for hurtig bytte av batteripakke. Dette reduserer investeringsbehovet for ei elektrisk driven ferje betydeleg. Sjølvve batteriladinga skal skje på ein ladestasjon på ferjekaia. Oppdragsgjevar legg ikkje andre føringar for prosjektet, slik at gruppa står fritt til å kome fram til ei kreativ løysing. I forprosjektet vart dei viktigaste faktorane undersøkt og vilkåra kartlagt.</p> <p>Resultatet har blitt ei heilautomatisert løysing, der batteripakken er utstyrt med motor og hjul. Batteripakken vert driven av eigen energi og er sjølvgåande mellom ferja og ladestasjon. Heisar justerer ladestasjonen i forhold til sjønivået. Prosessen vert styrt av PLS-ar og går automatisk når ferja ligg til kai.</p>		
<p><b>SUMMARY</b> Bachelor Thesis – Automated battery swap on car ferry.</p> <p>Multi Maritime AS wants to examine the possibility to run a car ferry with a solution for fast swap of battery packs. This significantly reduces the need of investment for an electrical ferry. The charging itself will be done at a station on the dock. The contracting authority has not put any restrictions on the project so that the project group is free to come up with a creative solution. In the pilot project, it's charted the most important factors and demands, which we needed to consider.</p> <p>The outcome of the result is a fully automated solution, where the battery pack has been equipped with motor and wheels. The pack is run from its own energy, and is self-propelled from the ferry to the charging station. Elevators adjust a platform for the charging station according to the sea level. The process is controlled by PLCs and runs automatically while the ferry docks.</p>		
<b>EMNEORD</b> HO2-300, Batterilading, Batteribyte, Bilferje, Automasjon, Elektro, Prosjekt, Bachelor		

## Føreord

Ved Høgskulen i Sogn og Fjordane skal studentane gjennomføre eit prosjekt og skrive ei bacheloroppgåve det siste semesteret. Det skal opprettast prosjektgrupper og det venta tidsbruket er om lag 500 timar per student. Gruppene står fritt til å definere oppgåva, men vert oppmoda til å finne ein ekstern oppdragsgjevar. Dei skal òg lage ei nettside med informasjon om oppgåva, gruppa og framdrifta i prosjektarbeidet.

Etter eit møte med Multi Maritime AS, fekk vi ei oppgåve om batteridrift av bilferjer. Oppdragsgjevar vil at batteriet skal bytast når ferja ligg til kai. Vi skulle granska alle relevante faktorar for å finne ut om dette konseptet er praktisk gjennomførbart.

Prosjektet er delt inn i to fasar. Vi utreda først dei viktigaste faktorane i dette prosjektet og desse vart presenterte i ein forprosjektrapport. Vi har brukt dette som grunnlag til det vidare arbeidet i prosjektet. Dette er eit innovativt teoretisk prosjekt og vi presenterer her vår løysing til alternativ batteridrift av bilferje.

Vi vil gjerne takke: Agnar Hellenes frå Hellenes AS, Grøneng og Dubielzyk frå Fagskulen i Førde, faglærarar ved Høgskulen i Sogn og Fjordane Olav Sande og Preben Nes, MF «Årdal» med mannskap og styringsgruppa vår.

Vi oppretta ei nettside der framgangen i prosjektet vart oppdatert undervegs.

<http://studprosjekt.hisf.no/~14nfu>

### Prosjektgruppa

- Jermund Hopland *Prosjektleder*
- Thomas André Bondehagen
- Erlend Ese
- Thomas Indrefløy
- Roy Andre Solvåg-Hellevang


### Styringsgruppe

- Joar Sande *Prosjektansvarleg*
- Sveinung Furnes *Multi Maritime AS*

Førde 23.05.2014

  
Jermund Hopland

  
Erlend Ese

  
Thomas Indrefløy

  
Thomas André Bondehagen

  
Roy Andre Solvåg-Hellevang

## Samandrag

I dette prosjektet har vi laga eit forslag til løysing for batteridrift av bilferjer, med ei kostnadsramme på om lag ti millionar kroner. Multi Maritime AS ville ha utgreia om det er mogleg, med ei heilautomatisert løysing for byte av batteripakkar på ferjer. Den eine batteripakka skal drive ferja, medan den andre ladast på land. Denne løysinga vil krevje batteripakkar av mindre storleik og reduserer difor investeringsbehovet, samanlikna med direktelading frå land.

Utgangspunktet er ferjesambandet Mannheller-Fodnes. Denne strekninga vil vere aktuelt for batteridrift i nær framtid. For å kartlegge energibehovet til ferja og dimensjonere batteripakkar, vart energikapasitet ved ferjekai og driftsprofilen til denne ferjestrekninga granska som avgjerande faktorar. Vi bestemte at ferja skulle gå tur-retur mellom kvart batteribyte, der ladestasjonen skulle plasserast på Mannheller.

På Mannheller ferjekai står det i dag ein 315 kVA transformator på 400 V frå 22 kV-straumnettet. Denne er i utgangspunktet ikkje stor nok til å lade batteripakkane. Dersom det vert sett inn ein ny nettstasjon, har 22 kV-nettet ein kapasitet på 980 kW. Denne kostnaden er berekna til ein halv million kroner. Ferja går kvart 20. minutt og brukar 40 minutt tur-retur. Vi har brukt ei ladetid 35 minutt som utgangspunkt for utrekningar. Ferja ligg til kai i fem minutt der batteribytet må utførast innanfor dette tidsrommet. Mannheller-Fodnes er eit beredskapssamband til sjukehuset i Lærdal. Det er tiltenkt eit system for at ferja skal kunne gå ved batterifeil.

Vi utvikla fleire ulike prinsipp som vart brukt som grunnlag til vår endelege løysing. Grappa har fått innspel frå eksterne aktørar med kompetanse innan fagfeltet. Dette har vore viktig for å kome fram til eit tilfredstillande resultat. Resultatet har blitt ei heilautomatisert løysing, der batteripakken er utstyrt med motor og hjul. Batteripakken skal drivast av eigen energi og er sjølvgåande mellom ferja og ladestasjon. Prosessen vert styrt av PLS-ar og går automatisk når ferja ligg til kai.

Konseptet har blitt utvikla innafor dei gitte rammene. Vi har 3D-modellert dei mekaniske komponentane i Autodesk Inventor. Fokuset har vore på automatisering av prosessen. Konstruksjonen og dei mekaniske delane er ikkje dimensjonert og styrkeberekna. Vi fann ikkje noko godkjent løysing på batteritilkopling, så vi utvikla ei automatisert batterikontakt til vårt føremål.

Vi henta inn informasjon om dei nødvendige komponentane som kan brukast for å automatisere prosessen, samt sett opp eit overslag med kostnadene som må til for realisering. Kostnader for konstruksjon og produksjon av dei mekaniske komponentane er ikkje henta inn.

## Summary

In this project we have created a new concept for battery powered car ferries, with a cost frame of roughly ten million Norwegian Kroner. Multi Maritime AS want to examine the possibility of an electrically powered car ferry, with a fully automated solution for fast swapping of battery packs. One battery pack is to power the ferry whilst the other is charged at the charging station on dock. This solution demands smaller battery packs and therefore lowers the need for investment.

The ferry connection Mannheller-Fodnes is the base for our solution. It will be applicable for battery operation within a few years. To decide the energy needed for the ferry and the size of the battery packs, we examined an operation profile for the ferry connection. We decided that the ferry was to go one round trip between each battery swap, and the charging station would be placed on Mannheller ferry dock.

On Mannheller ferry dock there is a 315kVA transformer, feeding 400V from 22kV-grid, but this is not enough to charge our battery packs. There can be built a new grid substation with a capacity of 980kW from the 22kV-grid, and the cost is estimated to be half a million Norwegian Krone. The ferry departs every 20 minutes and travels for 40 minutes in one round trip. We have used a charging time of 35 minutes as a basis for dimensioning the charging station. The ferry docks for 5 minutes, and the battery swap has to happen within this time. Mannheller-Fodnes is an emergency response connection for the hospital in Lærdal, so there is intended for a system that lets the ferry operate even if the battery fails.

We developed different principals, which was used as a foundation for the final solution. The group has received feedback from external parties with competence on the field. This has been important to come to the final solution. The result is a fully automated solution, where motor and wheels run the battery packs. The battery pack is self-propelled between the ferry and the charging station. The whole process runs automatically while the ferry docks, and is controlled by PLCs.

The concept has been developed within the given frames. All the mechanical components are 3D-modelled in Autodesk Inventor. We have focused on the automation, so construction and the mechanical parts are not dimensioned and calculated for strength assessment. In context with the development of the solution of the battery swap, there was developed an automated connection for the battery pack, since we found no current solutions for this.

We have gathered information on the required components needed to automate the process. There has been made an estimate with all known costs. Construction and production of the mechanical components comes in addition to our costs, since this is outside our field of experience.

## Ordliste

Access Point	Trådløst tilkoplingspunkt. Eining som tillèt trådlause einingar å kople til nettverk ved hjelp av Wi-Fi (radiofrekvens)
Automatisering	Teknikk for å få system til å fungere utan menneskeleg medverking
BMS	«Battery Management System» Styrer og overvakar oppladbare batteri
C (batterilading)	Faktor gitt i 1/ladetid i timar
Client Module	Ein nettverkskomponent som støttar og implementerer klientsida av ein «Network Programming Interface» (NPI)
Cos $\phi$ (phi)	Vekselstraumsteknikk. Fasevinkel mellom straum og spenning
Detektore	«Detect» oppdage, sjå eller måle
Elektrisk motor	Omdannar elektrisk energi til mekanisk energi, normalt roterane rørsle
FEBDOK	Dokumenteringsprogramvare brukt av elektroinstallatørar som gjer berekningar jf. NEK 400
FEF	Forskrift om elektriske forsyningsanlegg
FEL	Forskrift om elektriske lågspenningsanlegg
Frekvensomformar	Trinnlaus hastigheitsregulering av vekselstraumsmotorar (asynkron)
Generator	Maskin som omdannar mekanisk energi til elektrisk energi
Hjulbane «press on»	Kompakt dekkbane pressa på ein sylindrisk felg
HMI	Human/Machine Interface. Menneske/Maskin grensesnitt
HVAC	«Heating ventilation and air conditioning» Ventilasjonsanlegg
IWLAN	Industrial Wireless LAN. Industrielt trådløst nettverk
Konsept	Utkast, kladd, skisse, tanke, idé
Konstruere	Arbeida, forma ut, byggja, finna opp, skissere, teikna opp
Konverter	Apparat som endrar spenningspotensiale på likestraum
kWh	kiloWatt-hour. Eining for måling av energi. Energimengda som tilseier eit effektbruk på ein kilowatt over ein periode på ein time
Lineær aktuator	Elektrisk motor med trappeskrue for lineære rørsler
Litium-ion batteri	Batteriteknologi med høg energitettleik
Løysing	Svar, utfall, alternativ, resultat
Minneeffekt	Fenomen som oppstår i eit NiCd-batteri om det vert utlada til same punkt fleire gonger
Modell	Etterlikning i mindre målestokk, miniatyr, skisse, skjematisk framstilling
Nav (hjul)	Midtblokken i eit hjul, som ofte har hol til hjulakselen (drivhjul)
NEK	Norsk Elektroteknisk Komité. Norsk standard for elektroinstallasjonar jf. FEL
Netbas	Sentralt informasjonssystem med all relevant informasjon om komponentar og forsyning i høgspenningsanlegg
PLS	Programmerbar Logisk Styring - datamaskin til industriell automatisering
POM	Polyoxymethylene. Teknisk termoplast med høg stivleik og låg friksjon
Prinsipp	Idé, plan, framgangsmåte, system
Redundans	«Redundant» dobling av kritiske komponent
Sakseheis	Heis som frakter last i høgderetning med ein saksemekanisme
Switch	Nettverkskomponent som styrer datatrafikk mellom ulike noder i nettverket
Transformator	Apparat som endrar spenningspotensiale på vekselstraum
Trøster	«Thruster» sidevegs- eller baugpropell
UPS	Uninterruptible Power Supply. Avbrottsfri straumforsyning
VA (Volt-Ampere)	Vekselstraumsteknikk. Produktet av effektverdiane av straum og spenning. Tilsynelatande effekt faseforskyvd med vinkelen $\phi$

## Innhald

Referanseside.....	i
Føreord.....	ii
Samandrag.....	iii
Summary.....	iv
Ordliste.....	v
Innhald.....	vi
1 Innleiing.....	1
1.1 Problemstilling.....	1
1.2 Oppdragsgjevar Multi Maritime AS.....	2
2 Føresetnadar og avgrensingar.....	3
2.1 Driftsprofil for ferja Mannheller-Fodnes.....	3
2.2 Energikapasitet ved ferjekai.....	4
2.3 UPS og nødstraum.....	4
2.4 Batterikonteinar med integrert kjøling frå Corvus AS.....	4
2.5 Batteriladetid.....	4
2.6 Krav frå Det Norske Veritas.....	5
3 Utviklinga av konseptet.....	6
3.1 Arbeidsmetode.....	6
3.2 Kort om alternativa vi har forkasta.....	6
3.3 Innspel frå eksterne aktørar.....	7
3.4 Konseptet sjølvgåande konteinar.....	7
4 Batteribyte ved sjølvgåande konteinar.....	8
4.1 Introduksjon og oversikt over komponentane.....	8
4.2 Funksjonsskildding.....	9
4.3 Konstruksjon og komponentar.....	10
4.3.1 Konteinarvogn med motor.....	10
4.3.2 Sideluke som køyrelem.....	11
4.3.3 Køyrelem på ladestasjon.....	11
4.3.4 Vogn til batteriveksling.....	12
4.3.5 Plattform med høgdejustering.....	12
4.3.6 Friksjon på mekanisk konstruksjon.....	13
4.4 Nødsystem til drift av konteinar.....	13
5 Batteri og lading.....	14
5.1 Val av batteriteknologi.....	14
5.2 Oppbygginga av batteripakken.....	14
5.3 UPS.....	15

5.4	Dimensjonering av kabel.....	15
5.4.1	Ombord på ferja.....	15
5.4.2	Ladestasjon.....	15
5.5	Automatisk hurtigkopling.....	16
6	Automasjon.....	17
6.1	Oppbygging av det automatiserte anlegget.....	17
6.2	Val av sensorar.....	18
6.3	Rørslekomponentar.....	19
6.3.1	Motor og frekvensomformar til konteinar.....	19
6.3.2	Sakseheis.....	20
6.3.3	Lineær aktuator.....	21
6.4	PLS – Siemens S7-1200.....	21
6.5	HMI – Simatic Comfort panel.....	22
6.6	Trådløs kommunikasjon Industrielt Ethernet.....	23
6.7	Algoritme.....	25
7	Helse, miljø og tryggleik (HMT).....	26
7.1	Vedlikehald.....	26
7.2	Tryggleik.....	26
8	Økonomi.....	27
8.1	Kostnadsoverslag for konseptet.....	27
8.2	Kjende prisar.....	27
8.3	Ukjende prisar.....	28
8.4	Utgifter til hovudprosjektet.....	28
9	Risikoanalyse for prosjektarbeidet.....	29
10	Drøfting av resultatet.....	31
11	Konklusjon.....	32
12	Prosjektadministrasjon.....	33
12.1	Organisering.....	33
12.2	Tidsbruk og Milepælar.....	34
12.3	Møter.....	34
12.4	Framdrift i forhold til plan.....	35
12.5	Nettside.....	35
12.6	Plakat og pressemelding.....	35
	Referanseliste.....	36
	Figur- og tabelliste.....	39
	Vedlegg.....	40

# 1 Innleiing

## 1.1 Problemstilling

Dette er eit hovudprosjekt ved Høgskulen i Sogn og Fjordane, avdeling for ingeniør- og naturfag. I dette prosjektet har vi valt å samarbeide med firmaet Multi Maritime AS, der vi på oppdrag frå dei skal skapa eit konsept for batteribyte på bilferje.

Innafor transportnæringa vert det jamleg stilt strengare krav til miljø. Det vert jobba for å minske utslepp. Nye løysingar fører arbeidet i riktig retning. Ved utlysing av anbod vil det ligge ein betydeleg miljøfaktor, som reiarlaga i ferjenæringa må ta omsyn til. I samband med dette vil oppdragsgjevar prøve eit nytt konsept, med batteridrift på ei av ferjestrekningane i Sogn og Fjordane.

Det er fleire utfordringar knytt til batteridrivne bilferjer, mellom anna avgrensa ladetid når ferja ligg til kai og kostnad på batteripakkar. Multi Maritime AS vil skapa eit konsept for å byte heile batteripakka ved høveleg tidsintervall. Det er gitt nokre rammer og referanseverdier i dette prosjektet. Sambandet Mannheller - Fodnes i Indre Sogn skal vere utgangspunkt for utgreiinga. Ferja går kvart 20.minutt og vi har bestemt at ho skal gå tur-retur mellom kvart batteribyte. Batteriladinga skal skje på landbasert ladestasjon, som gir lenger disponibel ladetid og lågare belastning på batteri og kraftnett. På ferja skal batteripakken plasserast på nivå med bildekk. Etter ønske frå oppdragsgjevar skal vi hente informasjon om batteri og lading frå leverandøren Corvus Energy [1].

Denne løysinga vil krevje batteripakkar med mindre storleik og lågare batterikostnad, samanlikna med vanlig direktelading frå land. Dette vil redusere investeringsbehovet for ei elektrisk driven ferje. Under forprosjektet utvikla vi fleire prinsipp som vi brukte til grunnlag for sluttløysinga. Energibehovet og energikapasiteten til batteriferja vart og undersøkt.

I denne rapporten presenterer vi ei heilautomatisert løysing for batteribyte på ei elektrisk bilferje. Vi har 3D-modellert konseptet i Autodesk Inventor, samt forklart korleis prosessen skal automatiserast med tilhøyrande komponentlister. Det er laga eit kostnadsoverslag for konseptet. I rapporten er det og forslag til forbetringar, vidare arbeid og korleis gå fram for å realisere prosjektet.

## 1.2 Oppdragsgjevar Multi Maritime AS

**Multi Maritime AS** (Figur 1 Multi Maritime AS logo) er eit selskap eigd av Fiskerstrand Group, etablert i 1983 og ligg i Førde [2].



Figur 1 Multi Maritime AS logo

I over 20 år har Multi Maritime tilbydd profesjonelle og konfidensielle konsulenttenester til reiarlag og skipsverft i inn- og utland . Deira viktigaste kompetanse er spesialskip, prototypar og innovasjon. Dei samarbeider tett med kundar på alle trinn, gjennom prosjektutvikling, design og konstruksjon til gjennomføring.

Deira leveransar omfattar følgjande:

- konseptutforming
- skipsdesign / estimer
- styrkeberekningar / konstruksjonar
- systemteikningar
- arrangement-teikningar
- røyrsystem og ISO-teikningar
- arbeidsteikningar


Multi Maritime AS har tidlegare utvikla konsept for eldrift av Lavik-Oppedal sambandet. Vi har fått tilgjenge til dokumenta som vart brukt i planlegginga her til å bruke det som er relevant vidare i vår eigen prosess.

## 2 Føresetnadar og avgrensingar

### 2.1 Driftsprofil for ferja Mannheller-Fodnes

Vi har fått ein driftsprofil for ferja Mannheller-Fodnes av Multi Maritime AS. Profilen syner forbruket i kilowatt timar tur/retur 40 minutt. Det er to ulike profiler for ferja: ein for normale vêrforhold og ein for dårlege vêrforhold. Vi har gått ut i frå dårleg vêrforhold som er den mest krevjande profilen. Driftsprofilen er berre eit overslag ut i frå eit gjennomsnitt over tid. Profilen gir oss ein føresetnad på energibehovet.

Fram til vi fekk meir nøyaktige anslag, skulle vi ta utgangspunkt i at ferja hadde eit energibehov på om lag 300 kWh tur/retur. Figur 2 syner driftsprofilen ved dårleg vêr. Endeleg forbruk etter tur/retur 40 minutt er 253,78 kWh. Sjå vedlegg 4 driftsprofil.



Figur 2 Driftsprofil Mannheller-Fodnes ved dårlege vêrforhold

## 2.2 Energikapasitet ved ferjekai

For å greie ut om ei løysing for batteribytte på dette sambandet er mogleg, måtte vi kartlegge kapasiteten til straumnettet. Behovet er avhengig av storleik på batteria og tida vi har til å lade dei opp.

Vi var i kontakt med Vidar Øvretun hjå Sognekraft AS. Her henta vi inn informasjon om kapasiteten og fekk kostnadsoverslag på eventuell utbygging.

På Mannheller ferjekai står ein 315 kVA transformator på 400 V frå 22 kV-straumnettet. Kapasiteten er avgrensa til kai-anlegget som står der i dag. Ved utbygging av ny nettstasjon har 22 kV-nettet ein kapasitet 980 kW, med ein tenkt  $\cos \phi$  på 0,96. Desse berekningane er utført i nettinformasjonsystemet Netbas, der Sognekraft har oversikt over heile systemet sitt. Kostnader i form av ein ny nettstasjon på 1 MW er estimert til kr 434 613,-.

Møterefertat frå møtet med Sognekraft AS ligg som vedlegg 2, kostnadsoverslaget og kapasitetsberekningar ligg som vedlegg 5.

## 2.3 UPS og nødstraum

Under batteribytet må ferja ha ei alternativ straumkjelde. Dette løysast med eit separat «Uninterruptible Power Supply» (UPS) system som sikrar uavbrote drift. UPS fungerer som ei ekstra energikjelde ved brot på tilførsel [3]. Vi avgrensar prosjektet ved å hente inn prisoverslag på eit komplett UPS system i kapittel 5.3.

Vi må ha eit system for nøddrift ved kritisk feil. I tillegg til UPS systemet vert det eit dieselelektrisk nødstraumsaggregat. Generatoren må vere stor nok til å drive ferja åleine, dersom batterianlegget av ulike grunnar skulle feile. Etter eit besøk på MF Årdal konkluderte vi med at det er ledig plass til desse systema under dekk.

## 2.4 Batterikonteinar med integrert kjøling frå Corvus AS

Corvus leverer batterikonteinarar på 20 og 40 fot med ein mogleg kapasitet på 500kWh og 1MWh. Vi har valt å gå ut i frå ein 20 fots konteinar. Konteinarane som Corvus leverer er eksplosjonssikre og verifisert av DNV, ABS og Lloyds [4].

I utgangspunktet er det ikkje nødvendig med ekstra kjøling i batterikonteinarane, Dersom det er nødvendig kan HVAC eller kjøleplater implementerast. Sjå vedlegg 6, E-post frå Corvus Energy.

## 2.5 Batteriladetid

Batteriladetida er normalt gitt i form av ein C verdi.  $C = \frac{1}{\text{ladetid i timar}}$

Anbefalt ladetid er 2C som tilseier 30 minutt eller meir [5]. Etter møtet med mannskapet på MF Årdal kom vi fram til at vi hadde 5 minutt på å skifte batteri. Dette gir oss ein ladetid på 35 minutt og ein C verdi på 1,71.

## 2.6 Krav frå Det Norske Veritas

Etter møte med Det Norske Veritas har vi fått krav med tanke på batteridrift av båt. Dette er tatt ut ifrå «Tentative Rules for Battery Power» som er klassifiseringsreglar utgitt av DNV januar 2012. [6]. Multi Maritime påpeika at det er tidleg i utviklingsfasen av batteridrift på ferjer. Vi skal ikkje binde oss til krava som er per i dag.

Dette er eit lite utdrag av dei viktigaste punkta for prosjektet:

### Seksjon 2

103: Når batteri skal vere hovudkraftforsyning skal det vere lokalisert i maskinrom eller tilstøytande rom

### Seksjon 4

101: Batterihuset skal vere laga av flammehemmande material

104: Batterisystem større enn 50 kVAh skal vere utstyrt med uavhengig nødnedstigning for skjerming/isolering av batteriet

106: Battery Management System (BMS) skal vere installert

201: IP grad på batteriet avhenger av plassering av batteriet

### Seksjon 7

#### *B100 Battery Management System*

102: BMS skal måle og vise

- Cellespenning
- Celletemperatur
- Batteristraum
- Omgjevnadstemperatur
- Elektrisk isolasjonsmotstand

#### *C100 Batterialarm*

103: Batterifeil skal utløyse alarm

104: Utkopling av batteribrytar skal utløyse alarm

105: Høg temperatur skal utløyse alarm

106: Høg omgjevnadstemperatur i batterirom skal utløyse alarm

#### *D100 Tryggleiks funksjon*

102: Nødavstenging av batterisystem skal kunne gjerast frå navigasjonsbrua og frå eit tilstøytande rom til batterirommet.

I tillegg kjem krav for elektrisk tilkopling frå Pt.4 Ch 8 Sec 3 D frå Electrical Installations [7]:

Koplinga skal vere:

- tilgjengeleg, skru- eller klemmetilkopling i tørre omgjevnader
- sikker mot vibrasjonar
- separert frå andre koplingar og merkespenning skal kome fram.

## 3 Utviklinga av konseptet

### 3.1 Arbeidsmetode

Gruppa hadde som mål å få fram individuell kreativitet, utan å påverka kvarandre for mykje i starten. Vi bestemte at kvar enkelt skulle setje seg ned for seg sjølv og lage eit utkast til konsept. Vi passa på at vi ikkje gjekk i gang med for like idear. Kvar enkelt laga ei kort presentasjon av sitt forslag, med fordeler, ulemper og ein illustrasjon. Etter dette presenterte vi dei saman med oppdragsgjevar, der vi diskuterte og kom med innspel. Dei utarbeida forslaga ligg i vedlegg 7, batteribyteprinsippa frå forprosjekt.

Under heile prosessen har gruppa fokusert på samarbeid. Vi jobba medan vi assisterte kvarandre og stilte spørsmål for å få innspel. Med jamlege møter heldt vi kvarandre oppdaterte på vidare arbeid og korleis vi låg an i prosessen.

### 3.2 Kort om alternativa vi har forkasta

**Sideskyvprinsippet** gjekk ut på å ha ei vogn på sida av ferja, med to armar som batteriet skulle stå på. Armane skulle veksla batteria mellom kai og ferje. Vogna skulle gå sidelengs langs lengderetninga til ferja, for å kompensere for posisjonsendingane ferja hadde for kvart batteribyte.

**Lemskinneprinsippet** gjekk ut på at batteriet skulle bytast via køyrelommen fremst i ferja, når lemman var nede og låst. Batteriet sto på ei vogn, som skulle køyre på skinner til ladestasjon. Det utlada batteriet køyrer ut av ferja, samstundes som det full-lada batteriet køyrer inn på ferja og koplarseg til. På land skulle det vere ein sporvekslar der dei to batteripakkane skulle krysse kvarandre.

**Kaimontert kran** gjekk ut på å byte batteriet på ferja ved bruk av ein teleskopisk kran. Kranen løfter ut det utlada batteriet frå ferja og set han til lading. Kranen løftar så det andre opplada batteriet inn på ferja.

**Rotorprinsipp** er ein sylinder med to armar. Han kan rotere 180 grader og vekslar batteria på denne måten. På motsett side av sylindern står det ein ladestasjon.

**Sylinderbatteri** gjekk ut på å ha batteriet forma som ein sylinder. Sylindern skulle vere stor nok til å innehalde batterimodulane og anna tilhøyrande utstyr. Det skulle vere eit eksternt kjølesystem i batterirommet på ferja.

Vi har brukt langsgåande vogn frå «Sideskyvprinsippet» og køyring over lem frå «Lemskinneprinsippet», til vår endelege løysing. Etter avslutta forprosjekt fekk «Rotorprinsippet» og «Kaimontert kran» ei sideluke, som vi òg har tatt med vidare.

### 3.3 Innspel frå eksterne aktørar

Etter innspel frå oppdragsgjevar, fekk vi ein peikepinn på kva alternativ vi kunne gå vidare med. Vi fann ut at løft av konteinarene vert dyrt pga. tryggleik og «motslag» når ferja ligg uroleg. Det er ein økonomisk fordel å bruke kjend teknologi, som kan tilpassast framfor å spesialbyggje nye konstruksjonar (vedlegg 1). Vi kom fram til at vi trengte innspel frå nokon med spesifikk erfaring frå industrien. Vi tok kontakt med Agnar Hellenes og sendte over skisser. Han er ein kjend aktør innan automasjon, elektro og mekanisk i Førde. Vi fekk i stand eit møte der han kom med innspel til våre løysingar. Under møtet kom vi fram til løysinga «Batteribyte ved kjededrift», som var ei kombinasjon av dei beste elementa frå alternativa vi kom med. Resultatet av dette arbeidet ligg i vedlegg 8.

Etter å ha vidareutvikla denne ideen med kjededrift, presenterte vi resultatata for Agnar i eit nytt møte. Vi møtte på nokre utfordringar undervegs og ville ha innspel til forbetringar. Etter dette møtet kom vi fram til at vi ville bruke energien i batteria og montere gummihjul på konteinaren. Resultatet kalla vi «Sjølvgåande konteinar».

Vi var i kontakt med andre bedrifter, men vart ikkje møtt med like stor iver.

### 3.4 Konseptet sjølvgåande konteinar

Løysinga er eit resultat sett saman av idear frå alle alternativa. Sakseheisar monterast på kaia og går opp og ned i forhold til flod og fjøre. På toppen av heisen er det ei plattform med ei vogn som batteria skal stå på. Når ferja ligg ved kai, vil luka til batterirommet på sida av ferja legge seg ned på plattformen. Luka fungerer som ein køyrelem. Ho skal «flyte» på plattformen, slik at små bevegelsar vert kompensert. Av- og påkjøring av batteripakkane skjer via denne lemnen. Vogna på heisen skal veksle batteria, slik at det utlada batteriet går til lading. Det opplada batteriet kjem då på riktig plass og køyrer på ferja.

Endelege batteribyteprinsipp og mekanisk konstruksjon vert nærmare forklart i kapittel 4, batteri og lading i kapittel 5, og automatiseringa i kapittel 6. Vi har drøfta løysinga i kapittel 10.


Med denne løysinga har vi klart å eliminere vår største utfordring, som er variasjon av ferja si posisjon i forhold til kaia.

## 4 Batteribyte ved sjølvgåande konteinar

### 4.1 Introduksjon og oversikt over komponentane

Ved retningsforklaring seinare i rapporten nyttar vi aksane som er illustrert på Figur 3.

X-retninga er lengderetninga og Y-retning er breidderetninga til ferja. Z-retninga er høgderetninga.




Figur 3: Informasjonsmodell med nummererte komponentar og definisjon av aksar

Dei nummererte komponentane på modellen har vi namnsett følgjande:

1. Batterikonteinar
2. Konteinarvogn med motor
3. Sideluke
4. Styreskinne
5. Batteritilkopling
6. Køyrelm på ladestasjon
7. Fundament på plattform
8. Vogn til batteriveksling
9. Plattform med høgdejustering
10. Sakseheis
11. Ferjekai

## 4.2 Funksjonsskildring

Det endelege prinsippet (sjå Figur 4) går ut på at konteinaren er sjølvgåande. Vi nyttar energien i batteria til å flytte konteinaren frå ferja til ladestasjonen. Det krev ein liten del av totalenergien i batteripakka for å kunne flytte konteinaren. Han skal køyre frå ferja til ladestasjonen via sideluka som vi nyttar som ein køyrelem.



Figur 4 Modell av batteribyte ved vekslevogn

Det er montert to motorar på kvar konteinar med akseldrift ut til hjula. Motorane er synkronisert, slik at konteinar vert trekt i rett linje mellom ladestasjonen og ferja. Konteinaren skal i tillegg følgje ei styreskinne som sikrar at den går til riktig posisjon. Styreskinna er i batterirommet på ferja, sideluka og på vogna.

Ladestasjonen er ei vogna med batteritilkopling, som køyrer på ei plattform. På plattformen er det montert skinner i x-retning. På vogna skal det monterast motor og hjul. Vogna køyrer i begge retningar på skinnene og veksar på denne måten batterikonteinar. Når den eine konteinaren har køyrt frå ferja til ladestasjon, skal den andre konteinaren med opplada batteri køyre om bord på ferja.

Sideluka kviler ned på eit fundament på plattformen og flyt fritt på denne. Plattformen er montert på sakseheisane som regulerer høgda etter tidvatn. Det er viktig å ha minst mogleg høgdeskilnad mellom ferje og ladestasjon. Dette avgrensar krav til motorkapasitet og sikrar batteribytet ytterligare.

## 4.3 Konstruksjon og komponentar

Prosjektet er omfattande og blandar inn fleire fagfelt. Vi har fokusert på automatisering og det elektriske. Vi har ikkje dimensjonert det mekaniske, men dei mekaniske delane er teikna og sett saman til ein konstruksjon slik vi ser for oss. I dette delkapittelet skildrar vi korleis dei ulike komponentane skal konstruerast, utan å ta omsyn til dimensjonering og materialval. Vi presenterer funksjonen til komponentane, med tilnærma målsetting og grunnlaget for desse måla. Val av motorar og styring av komponentane er skildra i kapittel 6.3.1. Konstruksjonen må testast før den vert sett i drift, dette er det drøfta om i kapittel 10.

### 4.3.1 *Konteinarvogn med motor*

Batteriet skal ladast opp gjennom to koplingspunkt på undersida av konteinar med vogn. Av tryggleiksmessige årsaker er koplingspunktta plassert med god avstand frå kvarandre. Figur 5 syner modell av vogn med tenkt plassering av ladetilkopling i kopar.



Figur 5 Skisse av konteinarvogn med ladetilkopling styrehjul

Vogna har to stive akslingar med individuell motordrift på kvar. Akslingane må vere om lag seks meter lange. Vi har henta informasjon om dimensjonar på nav med og utan akseltapp frå Røwde & Co AS [8]. Det er anbefalt eit oppsett med 60 mm diameter på aksling og maks belastning på 2,4 tonn.

Det skal nyttast to vekselstraumsmotorar på kvar konteinar, med ein felles frekvensomformar til å styre motorane. Plassering av frekvensomformar er ikkje avklart. Vår motor er 250 mm høg og skal monterast midt under vogna for enkel kraftoverføring til aksling. Kraftoverføring kan skje med kjeder eller tannhjul.


Drivhjul skal vere av typen «hjulbaner press on» mønstra bane for god gripeevne og stabilitet. Vi har valt 22" dekk (60 cm diameter). Styrehjula i midten som følgjer styreskinna skal òg vere av typen «hjulbaner press on». Det er ikkje behov for gripeevne så vi vel glatt bane. Styrehjula er 9" (23 cm diameter) og det er skissert tre par. Skandinavisk Dekk Import [9] leverer slike hjulbaner.

Det er ikkje samansett komplett drivverk frå motor til hjul. Enkeltkoplingar må maskinerast og spesialtilpassast, om det ikkje finst standaroverføringar.

### 4.3.2 *Sideluke som køyrelem*

Sideluka skal legge seg ned på plattformen. Den må «flyte» fritt grunna ferja sine rørsler. Luka må vere stor nok til å dekke opninga i skroget. Høgda er avhengig av høgda på konteinaren med transportvogn. Konteinaren er 2,5 m høg og 6 m brei. Avstanden frå ferja til kai er 1,2 m. Med klaringar må sideluka vere 6,8 m brei og 3,2 m lang. Sideluka vil då legge seg inn på plattformen med god margin. Dimensjonering og tjukkuleik er avhengig av styrken på materialet og korleis luka vert konstruert. Luka skal hengslast på ferja og ha ein vinkelsensor. Største belastning vert midt på kortsida. Figur 6 syner modell av luka, med styreskinna i midten.

Luka skal senkast og hevast ved hjelp av hydraulikk som vert tilkoppa det eksisterande systemet på ferja. Når luka vert senka, skal hydraulikken ha ein overtrykksventil. Når luka treff plattformen på land, får ventilen tilbakemelding i form av trykk og sender hydraulikkoljen tilbake. Med ein følar veit vi at luka kviler på fundamentet.



Figur 6 Sideluke med styreskinne i midten

### 4.3.3 *Køyrelem på ladestasjon*

Frå ladestasjonen legg det seg ein mindre køyrelem, som skal «flyte» fritt på sideluka slik at konteinaren har stabilt underlag heile vegen. Sjå kapittel 4.3.6 for detaljar om dette.

Føremålet med køyrelemmen er å dekke gapet mellom luka og ladestasjon, som oppstår ved sidevegs rørsle av ferja. Køyrelemmen må dekke områda der hjula køyrer. For å unngå to separate køyrelemmar, har vi skissert ein lang lem som dekker heile gapet. Køyrelemmen må tilpassast for å gje plass til styreskinna på midt på luka. Køyrelemmen må vere 6,4 m lang og 0,6 m brei (sjå Figur 7) og må koplast til eigna motordrift for styring av lemmen.



Figur 7 Køyrelem på ladestasjon

#### 4.3.4 *Vogn til batteriveksling*

Sjølve batteribytet skjer ved hjelp av ei vogn med hjul, som beveger seg på skinner. Vogna vekslar på denne måten batteripakkane når ho skiftar posisjon. Vogna skal ha plass til to konteinrar, med eit flateareal på 6 x 2,5 m kvar. Ladetilkoplinga skal vere plassert på denne vogna. Det må plasserast fire ladetilkoplingar på vogna, eit par til kvar batteripakke.

Vogna må konstruerast med tilstrekkelig styrke og stabilitet for to konteinrar, omtrent 12 - 14 tonn. Arealet med nødvendige klaringar vert 13 x 2,8 m. Figur 8 syner vogn med hjul og to styreskinner. Tal hjul er ikkje avklart sidan det må styrkebereknast. Det skal vere drift på to av akslingane, med to separate motorar for å sikre redundant drift.



Figur 8 Vogn med hjul og skinner til styring av konteinrar

#### 4.3.5 *Plattform med høgdejustering*

Ladestasjonen skal justerast etter flod og fjøre, vi vart opplyst om ein høgdeskilnad på 1,5 m (vedlegg 2, møtereferat MF Årdal). Vi løyser dette med ein plattform monterert på sakseheisar. På kaia er det sensorar som måler sjønivået, der plattformen justerer seg inn deretter. For å finjustere måler vi vinkelen på sideluka medan ho kviler på plattformen. Figur 9 syner korleis denne plattformen skal sjå ut. Oppå plattformen skal det monterast skinner til vogn og eit fundament til sideluka.

Dimensjoneringa av plattformen er avhengig av konstruksjonen og heisane som skal støtte denne opp. Oppå plattformen skal det vere plass til vekslevogn, fundamentet som luka skal kvile på og køyrelommen som skal kvile på luka igjen. Vår modell går utifrå at arealet på plattformen er 20 x 4 m.

Forslag til sakseheis er i kapittel 6.3.2 under rørslekomponentar.




Figur 9 Skisse av plattform på sakseheiser

#### 4.3.6 Friksjon på mekanisk konstruksjon

På grunn av ferja sine rørslar i x- og y-retninga, vil det oppstå friksjon mellom dei ulike kontaktflatene. Frå oppdragsgjevar har vi fått opplyst storleiken på desse rørslene. Maksimalt  $\pm 10$  cm i x-retning og  $\pm 20$  cm i y-retning. I x-retninga er ferja låst fast til bommen på kaia, medan i y-retning er ferja pressa til kai av trøsterane. Sjølv om ferja er fastlåst framme vil vinkelen på lemme endre seg ved lossing og lasting. Difor vil dette gi eit lite utslag opptil 10 cm ekstra i x-retning.

Figur 10 syner sideluke og køyrelem i nedslått posisjon. På skissa er det teikna inn eit friksjonsbelegg på dei flatene som kjem i kontakt med kvarandre. Polyoxymethylene (POM), er eit eigna alternativ og er utprøvd til dette føremålet. (vedlegg 2, Hellenes)



Figur 10 Skisse av køyrelem og sideluke på ladestasjon

#### 4.4 Nødsystem til drift av konteinar

Det er ein risiko at det er tomt for energi i konteinar. Det kan òg oppstå feil med batteripakken. Difor må det vere jamne kontrollar av batterikapasitet, motor og drivverk. Vi tilrår i tillegg eit manuelt system med vinsj på ladestasjon dersom konteinaren ikkje fungerer.

## 5 Batteri og lading

### 5.1 Val av batteriteknologi

Litium-ion er batteritypen vi fastslår er best egna til vår løysning. Litium-ion-teknologien har høg energitettleik, som er med på å redusere vekt og fysisk plass samanlikna med andre batteri. Høg celledspenning gir færre celler per batteri. Han har og låg sjølvutlading, ingen minneeffekt og lavt behov for vedlikehald.

Litium-ion batteria har ulemper med tryggleik og stabilitet. Det er difor behov for eit omfattande overvakingssystem, for å kontrollere lading og utlading. Batteria er utsett for aldring sjølv om dei ikkje er i bruk og er kostbare å produsere.

### 5.2 Oppbygginga av batteripakken

Vi fekk eit skriv frå oppdragsgjevar på ein batteripakke, som Corvus hadde gitt tilbod på i samband med Lavik-Oppedal prosjektet (vedlegg 10). Ut i frå dette tilbodet kunne vi bygge opp vår eiga batteripakke. «System» er ei batteripakke bygd opp av batterimodular. Ein modul har nominell spenning på 44,4V og 150Ah, 6,5kWh. Modulen har ein indre motstand på 0,0037 ohm.

Ein «pack» er bygd opp av modular kopla i serie. Vi brukar 16 modular, som gir oss ei nominell spenning på 710,4V. Kapasiteten er fortsatt 150Ah, men vi er oppe i 104kWh. Vi går ikkje over 1000VDC då alt tilkoplingsutstyret vert dyrare. Sjå vedlegg 9.

For å auke kapasiteten koplar vi fleire «pack» i parallell. Desse vert kalla «Array». Med 3 «pack» i parallell får vi 450Ah og 312kWh, medan spenninga fortsatt er lik. Behovet vårt ut i frå driftsprofilen var 254kWh. Spesifikasjonane på batteripakken er vist i Tabell 1.

Batteripakken blir levert med Corvus sitt eige Battery Management System (BMS) [10]. BMS er eit system som oppgjer verdiar på overvaking av gass, spenning og temperatur. Systemet overvaker og grenseverdiar for ladning, utlading og cellebalanse. BMS systemet brukar CANbus og vi koplar det saman med industrielt ethernet med ein Anybus kommunikasjonsmodul [11]. Les om industrielt ethernet i kapittel 6.6.

Tabell 1 Samansetting av batteripakken

<b>System solution 312kWh</b>				Module
Specifications	System	1 Array	1 Pack	AT6500-250-48
# of Modules AT6500-250-48	48	48	<b>16</b>	48
# of Packs	3	<b>3</b>	-	-
# of Arrays	<b>1</b>	-	-	-
Maximum Voltage VDC	806,4	806,4	806,4	<b>50,4</b>
Nominal Voltage VDC	710,4	710,4	710,4	<b>44,4</b>
Minimum Voltage VDC	518,4	518,4	518,4	<b>32,4</b>
Capacity AH	450	450	150	<b>150</b>
Energy kWh	312	312	104	<b>6,5</b>
Weight no Racking kg	3464,16	3464,16	1154,72	<b>72,17</b>
Internal resistance ohm	0,019733	0,019733	0,0592	<b>0,0037</b>

## 5.3 UPS

Driftsprofilen syner at ferja bruker 300kW på trøsterane, for å halde seg til kai under krevjande vêr. Rammene våre seier at ferja skal ligge i 5 minutt, då vert UPS behovet:

$$\frac{5 \text{ min}}{60 \text{ min}} \cdot 300 \text{ kW} = 25 \text{ kWh.}$$

Eit UPS system på 50kWh vil vere tilfredstillande for normal drift under batteribytet. Vi var i kontakt med Compower [12] og fekk pris på eit UPS anlegg for 300kW på 690V AC 3-fase 50hz. UPS anlegget koplar automatisk inn på hovudtavla til ferja, for å ta over drifta under batteribytet.

## 5.4 Dimensjonering av kabel

### 5.4.1 *Ombord på ferja.*

Driftsprofilen syner at toppeffekten er 1500kW i 60 sekund (sjå Figur 2). I følgje NEK 410-2 del 352 §3.3.5 «Correction factors for short time duty» kan det korrigerast for at motorane ikkje går for full kraft kontinuerlig framfor ein time. Tabellen her gjeld for 10 minutt og 30 minutt, medan vår driftskurve har ein topp på 1 minutt. På grunnlag av dette nyttar vi ein formel som gir oss tida kabelen tåler ein effekt før han vert øydelagd.

Vi har rekna oss fram til at gjennomsnittseffekten er 381kW i ein syklus på 40 minutt. Vi føresetter då at vi kan dimensjonere etter denne, men sikrar oss at kabelen tåler toppeffekten kvart 20. minutt.

Utrekningane som er vist i vedlegg 12, syner at vi kan bruke ein kabel på 185mm<sup>2</sup> om bord på ferja. Vi var i møte med Oddvin Grøneng på Fagskulen i Førde, som er faglærer for elkraft. Han sa at resonnementet vårt var fornuftig. Møtereferat vedlegg 2, Fagskulen.

Kabelen må vere «mangetrådet». Dette tydar at han er bygd opp av mange små kordelar, som gjer han rørlig. Dette er viktig sidan kabelen er i rørsle i koplingspunktet.

### 5.4.2 *Ladestasjon*

Sjølve systemet for lading av batteripakkane må Corvus stå for. Ut i frå storleiken på batteripakken, har vi rekna ut effektbehovet på ladestasjonen. Vi fekk ikkje avklart frå Corvus kva som er rett, med føresetnad om at utrekninga stemmer bruker vi denne til å dimensjonere, sjå Tabell 2.

**Tabell 2** Krav til ladestasjon

Ladetid (Minutt)	<b>35</b>
Ladespenning (Volt)	806,4
Ladetid (Timer)	0,58
Ladestraum (Ampere)	771,4
C	1,71
Lade effekt (Kilo Watt)	622,1

Effektbehovet er 622kW. Vi har tatt utgangspunkt i at fordelinga vert på 690V/50Hz tre-fase,  $\cos \phi = 1$ . Vi nyttar verktøyet FEBDOK som føreslår følgjande kabel: CGF 5G300CU «Neoprengummi- isolert oljebestandig kabel maskinleidning, der det er ønskeleg med særlig bøyelig leidning, for eksempel som koplingsleidning på maskiner og liknande». Han vert sikra med 4 NH-patroner «2022713.630\_GG\_690V\_630A\_4A». Vi har valt 30 m kabel i utrekningane. Sjå vedlegg 13, dimensjonering av kabeltversnitt til lading.


Vi var i kontakt med ein elektroinstallatør frå Bergen Group Services som arbeidar med elektroinstallasjonar. Vi fekk eit prisoverslag på installasjonen vår. Denne kjem fram i økonomi vedlegg 19.

## 5.5 Automatisk hurtigkopling

DNV krev at det skal vere skrutilkopling på batteri. Per i dag er det ikkje vanleg å ha batteridrift av ferjer. Det som avgjer overgangsmotstanden i ei tilkopling er at arealet er stort nok og det er nok trykk. Vi tenkte først å bruke automatiserte knivar som la seg inn, men kom fram til ei anna løysing. Vi meiner denne gir oss større marginar og er enklare. Vi nyttar ein lineær aktuator til å drive ei plate av kopar opp på undersida av konteinaren. Konteinaren har to store flater under av kopar (sjå Figur 5). Flatene er store nok til at konteinaren ikkje treng å vere på nøyaktig same plass kvar gong. Plata på aktuatoren er kopla til «mangetrådet»-kabelen, slik at kontakten beveger seg lett. Det må vere isolert mellom kopparplata og aktuatoren. I botnen er aktuatoren festa til ei trykkcelle, slik at vi måler trykket plata vert pressa mot kontaktflata med (sjå Figur 11). Arealet på kontaktflata må vere større enn  $185 \text{ mm}^2$ . Plata vi har teikna i modellen vår er  $0,20 \times 0,30 \text{ m}$ , som gir eit areal på  $0,06 \text{ m}^2$ .

$0,0600 \text{ m}^2 > 0,000185 \text{ m}^2$  Dette er OK.

Det står meir om aktuatoren i kapittel 6.3.3 under rørslekomponentar.




Figur 11 Skisse av batteritilkopling med lineær aktuator og lastcelle

## 6 Automasjon

### 6.1 Oppbygging av det automatiserte anlegget

Multi Maritime AS ønskjer at batteribytet skal skje automatisk, vi har løyst dette med automasjon i form av følarar, motorar og hydraulikk. Store deler av automasjonen skjer gjennom trådløst kommunikasjon, då delane som skal styrast består av rørlege komponentar.



Figur 12 Einlinje skjema sjølvgåande batterikonteinar

Figur 12 syner oppbygginga av det elektriske anlegget på Mannheller ferjekai. Her illustrerast den nye transformatorstasjonen, med hovudfordelingskåp og styreskåp. Kontaktorar i hovudfordelinga skal styre forsyninga til batteriladninga. I styreskåpet skal automasjonskomponentane vere installert. Her er PLS styringa med relé og vern, saman med dei eksterne følarane og motorane på kai-anlegget. Vidare frå dette skåpet skjer kommunikasjonen trådløst ved hjelp av IWLAN, til dei andre einingane i konteinarane og på ferja. Det står meir om IWLAN i kapittel 6.6.

## 6.2 Val av sensorar

Vi må ta omsyn til ytre påverknadar frå saltvatn og regn ved val av komponentar. Vi har difor valt utstyr med klasse IP 67 fordi dette utstyret er vasssett [13]. Plassering av sensorar kjem fram i vedlegg 14 og 15.

### Induktiv gjevar

For å detektere at dei ulike delane i systemet er i riktig posisjon har vi valt å bruke induktive gjevarar [14]. Induktive gjevarar sendar ut elektriske felt. Når det kjem eit objekt laga av elektrisk leiande matereale inn i dette feltet vil sensoren reagere ved å sende ut eit signal. Desse gjevarane har ein rekkevidde på 0,8 – 15 mm.

### Ultralydsensor

For å stille inn høgda til ladestasjonen på kaia, valte vi å bruke ultralydsensor [15]. Det vert plassert eit røyr på kvar side av bytestasjonen med ein ultralydsensor montert på toppen. Desse følarane skal finne høgda på vatnet og gje tilbakemelding, slik at systemet på kaia stiller seg inn til riktig høgde i forhold til sjønivå. Ultralydsensoren sender ut ei lydbølgje som vert reflektert frå vatnet. Tida lydbølgjene brukar frå følaren til vatnet og tilbake til følaren, vert rekna om til avstand.

### Vinkelposisjonssensor


For å detektere vinkelen på sideluka, som skal fungere som køyrelem til batterikonteinaren, har vi valt å bruke vinkelposisjonssensor [16]. Denne sensoren gir tilbakemelding om posisjonen til luka i form av grader.

### Mikrobrytar

Som ein ekstra tryggleik har vi tatt med endestoppbrytarar [17]. Desse vert montert på kvar ende til spora på plattformen. Føremålet med dette er å detektere viss vogna kjem til enden av sporet og stoppe den. Sensorane er ein mekanisk brytar som gjer høgt eller lågt signal når dei vert pressa inn.

### Lastcelle

For å måle at det er riktig moment på batteritilkoplinga brukar vi lastceller [18]. Desse vert montert på kvar av dei automatiserte til- og fråkoplingane. Ei lastcelle målar krefter ho vert utsett for, sjå Figur 13.



Figur 13 Illustrasjon av ei lastcelle med påtrykka last

## 6.3 Rørslekomponentar

Dei ulike delane i systemet skal styrast av både hydraulikk, elektriske motorar og lineære aktuatorar. Vi har valt å ikkje gå djupare i det hydrauliske.

### 6.3.1 *Motor og frekvensomformar til konteinar*

Vi vel å bruke vekselstraumsmotor (AC) framfor likestraumsmotor (DC) grunna faktorar som pris, storleik og anvendelegheit. Vekselstraumsmotor saman med frekvensomformar kan enkelt styrast og akselererast i begge retningar og ein avansert girmodul er ikkje nødvendig.

Både konteinarane og vogn til batteriveksling skal ha to akslingar med drivkraft. Farten på akslingane må synkroniserast. Batteribytet skal ta maksimalt fem minutt. Det er rekna at sideluka og køyrelemen brukar til saman eit minutt på senking og heving. Då står det igjen fire minutt til køyring av konteinarar og vogn. Total strekning som skal køyrast seier vi er 21 m og farta blir  $\frac{21\text{ m}}{240\text{ s}} = 0,0875\text{ m/s}$ .

Vekta på batteripakken er avhengig av storleiken på batteria, tyngda på konteinaren og konteinarvogn med drivverk og motor. Vekta på batteria vert 3464kg (sjå tabell 1 side 21). Vekta på ein standard 20-fots konteinar er 2300 kg. Med vekta på konteinarvogn, drivverk og motor får vi ei totalvekt på om lag sju tonn.

#### **Drift av konteinar**

Det skal vere to motorar på kvar konteinarvogn. Det som avgjer effekten til motorane er

- masse til konteinar med vogn og drivverk, om lag sju tonn
- konteinar skal kunne køyre opp ein stigning på 5 grader
- farten konteinarvogna som er estimert til 0,1 m/s

Utan å ta omsyn til friksjonstap syner utrekningar at behovet er 612,5 W til kvar konteinar ved størst stigning. Utrekningane ligg som vedlegg 16. Vi skal ha redundant drift og to separate motorar som skal kunne drive konteinaren åleine. Vi legg til ein tryggleiksfaktor på to og vel to motorar med kapasitet 1,1 kW kvar, til saman 2,2 kW motoreffekt.

Vi har vore i kontakt med Lønne Scandinavia AS [19]. Dei tilrår ei løysing med trefase AC-motorar forsynt frå ein frekvensomformar, som igjen er forsynt frå ei DC- kjelde. Dei tilrår ein frekvensomformar med inngangsspenning mellom 400 og 440 VAC. Omrekning til DC-spenning:  $VAC * \sqrt{2}$ . DC- inngangsspenning mellom 556 og 622 VDC.

Batteripakken er på om lag 800 V. Vi skal ta ut ei spenninga på 600 V til å forsyne frekvensomformaren. Begge motorane skal ha same fart og styrast frå same frekvensomformar. Kvar motor må få sitt tilpassa motorvern. Samandrag av e-post korrespondansen og pristilbod på motor og frekvensomformar ligg som vedlegg 16 og 17.

### Drift av vogn til batteriveksling

Det er brukt same oppsett som til drift av konteinarvogn med to motorar og ein frekvensomformar. Vogna skal frakte to konteinarar så massen som skal flyttast er dobbelt så tung. Det er ingen stigning og vogna går på skinner, så rullemotstanden er liten. Vi brukar derfor same motorar og frekvensomformar til drift av vogna.

Vogna skal gå på ladestasjonen på land og denne frekvensomformaren skal forsynast av landstraum på 400 VAC.

#### 6.3.2 *Sakseheis*

På grunn av avgrensa plass i høgderetning konkluderer vi med at ei sakseheis er det beste alternativet. Dei bygger lite i høgderetning når dei er i nedre posisjon og justerer seg raskt inn til ønska nivå. Heisane må bevege seg synkront, kunne låsast av i riktig posisjon. Dette er viktig for eit sikkert batteribyte. Det er utfordringar knytt til stabilitet når ei vogn skal bevege seg oppå heisen. Det vil kunne løysast i praksis ved å bygge inn heisen i ei sjakt, med ekstra avstiving av heisen når han er i rett posisjon.

Vi treng om lag tjuefem tonn løftekapasitet til å løfte plattform, vogn og to konteinarar.

**Det er ikkje endeleg bestemt type heis og leverandør. Vi har funne alternativ til heis som kan klare utfordringane, men vi har ikkje avklaring frå produsent om han vil vere eigna til vår bruk [20].**

Figur 14 syner sakseheisa Beacon BMLTDW-30-72-120132, med ein løftekapasitet på 13,6 tonn. Arealet på denne heisa er opptil 335 cm x 305 cm.

Desse heisane kjem i større variantar om kapasiteten ikkje er tilstrekkeleg. Plattformen treng minimum to sakseheiser for å løftast. På grunn av lengda og stor belastning på midten, må fleire heisar vurderast.



Figur 14 Sakseheis levert av Beacon

### 6.3.3 *Lineær aktuator*

For av- og på-kopling av polane til batteripakkane har vi valt å bruke lineære aktuatorar [21]. Dette er motorar med integrert trappeskruer for lineære rørsler. Vi har valt dette framfor hydraulisk løysing av vedlikehaldsomsyn. Konstruksjon av automatisk tilkopling er skildra i kapittel 5.5.

## 6.4 PLS – Siemens S7-1200

Programmerbar logisk styring (PLS) er ei datamaskin som brukast i industrien for å automatisere oppgåver, som produksjon og kontroll av til dømes posisjon og nivå [22].

Kommunikasjon står svært sentralt i eit automatisert anlegg. Dette kan vere kommunikasjon mellom PLS-ar, inngangar og utgangar (I/O) og menneske/maskin grensesnitt (HMI). Det er fleire etablerte standardar innan industriell kommunikasjon, Profibus og Industrielt Ethernet er mykje brukt.

Vi valte Siemens utstyr fordi dei har alle komponentane vi treng i systemet. Vi nyttar 4 Siemens S7-1200 [23] PLS-ar (sjå figur 15). Desse moterast på ladestasjonen, ferja og i kvar konteinar. Dette er for at vi skal ha moglegheit til å manuelt styre kvar konteinar. I vedlegg 18 ligg I/O-liste for anlegget.

For å få prosessen samkøyrd skal PLS-ane kommunisere via Industriell trådløs kommunikasjon, og kjent som IWLAN. Dette står det meir om i kapittel 6.6.



Figur 15 Siemens S7-1200 PLS

## 6.5 HMI – Simatic Comfort panel


«Human/Machine Interface» (HMI) omfattar alle komponentar som utgjer eit grensesnitt mellom ei maskin og eit menneske [22].

For at operatørar skal få overvake prosessen er det plassert ein HMI i form av berørings-skjerm på ferja (bru og kontrollrom) og i skåpet på kai. Skjermen let brukaren sjå, endre og styre det automatiserte anlegget. Storleikane vi har valt er ein 22" Siemens Simatic Comfort panel [24] på ferjebraua (figur 16) og 6" Siemens Simatic Basic panel [25] (figur 17) på kaia, og i kontrollrommet på ferja.

Styringsmoglegheita til panela er avgrensa av rekkevidda til IWLAN som er skildra i kapittel 6.6.



Figur 16 Siemens Simatic HMI Comfort panel 22"



Figur 17 Siemens Simatic HMI Basic panel 6"

## 6.6 Trådløs kommunikasjon Industrielt Ethernet

For å kommunisere mellom dei ulike delane av systemet brukar vi Industrielt Ethernet (IE) [26]. Industrielle Ethernet komponentar er konstruert for å arbeide i tøffare miljø enn vanleg IT utstyr.

Den trådlause kommunikasjonen vel vi å løyse med eit system som Siemens leverar, der dei brukar Industrial Wireless LAN (IWLAN) [27]. Dette systemet gjer at PLS-ar kan kommunisere saman utan behov for kabel.

I konteinarrømmet på ferja ventar vi problem med WLAN grunna signalrefleksar frå veggane i metallrom. I dette rommet kan det derfor bli aktuelt å bruke ein annan teknologi i tillegg for å sikre ei god tilkopling. Til dømes infraraud kommunikasjon. Det kan og bli behov for ei ekstern antenne på utsida av ferja og ei på utsida av ladestasjonen, for å bli sikker mot støy på nettverket [28]. Dette er noko som må testast ut når prosjektet blir realisert.

### Access Point SCALANCE W788-1PRO


Trådløs IWLAN modul som tek imot og sender signal mellom kai, ferje og konteinarar. SCALANCE W788-1PRO [29] har ein rekkevidde på 30 m innandørs og opp til 100 m utandørs. Det er og mogleg å kopla til ekstern antenne for utandørs bruk. Dette gir nok dekning for at alle delane i anlegget skal fungere saman.

### Client Module SCALANCE W746-1PRO

Trådløs IWLAN modul som er lokalisert i kvar konteinar. Denne modulen sender og tek imot informasjon gjennom Access Point SCALANCE W746-1PRO [30] som er lokalisert på kaia og ferja. Det er og mogleg å kople til ekstern antenne for utandørs bruk.

### Switch SCALANCE x206-1

Switchen vert plassert på ferje og i styreskåpet på kai. SCALANCE x206-1 [31] koplar saman det interne utstyret og leverast med redundant strømforsyning for økt tryggleik. Med denne modulen vil utvidingar lettare kunne utførast i ettertid.




**Figur 18** Oversikt over oppbygningen av trådløs kommunikasjon

Figur 18 syner ein oversikt over korleis dei ulike delane i systemet kommuniser saman. Han syner og kva dei ulike delane inneheld av styringsutstyr. Ideen til dette systemet fekk vi på nettsida til Nokta Industrial [32].

### 6.7 Algoritme

For å forklare korleis batteribyte skal utførast i programmet inne på PLS-ane har vi laga ein algoritme som forklarar dei ulike handlingane del for del. Algoritmen synast på Figur 19.



Figur 19 Algoritme sjølvgåande batterikontenar

## 7 Helse, miljø og tryggleik (HMT)

### 7.1 Vedlikehald

Vi har valt dei løysingane vi meiner det er minst behov for vedlikehald med. Vedlikehaldet på kvar av komponentane i anlegget vert bestemt av produsent.

Batteriet frå Corvus er vedlikehaldsfritt [5].

Sakseheisen frå Beacon er det einaste som er hydraulisk på land og vil ha behov for vedlikehald i samsvar til krav for hydrauliske anlegg. Dette er viktig for å unngå utslepp av olje. Sideluka på ferja får drift frå det hydrauliske systemet til ferja og inngår i dette kontrollsystemet.

Rørlege deler som hjullager, drivverk og lem-oppheng må kontrollerast og smørast regelmessig.

I tillegg har vi bevisst brukt dobbelt opp både med motorar og sensorar, for å minke sannsynet for at det vert stopp ved første feil. Dette gir oss redundans og aukar pålitelegheita til systemet.

### 7.2 Tryggleik

For at menneske og dyr ikkje skal ta skade medan anlegget er i drift skal det utførast tiltak.

#### Rørlege delar

Store delar av systemet består av rørlege delar. Eit av tiltaka kan til dømes vere å montera eit lysgitter framfor rørlege delar og ha ein eller fleire nødstoppbrytarar lett tilgjengelege. Lysgitter [33] er eit usynleg gitter som registrerer rørsle og aktiverer nødstopp slik at systemet stoppar. I tillegg skal heile ladestasjonen byggast inn i eit hus der berre autorisert personell har tilgjenge.

Vi tilrår å overvake bytet med kamera slik at prosessen kan observerast frå bru og kontrollrom. Ein nødstoppbrytar skal stå i nærleiken dersom noko skulle gå gale.

#### Elektrisitet

Systemet består av både låg- og høgspennings anlegg. Det er berre autorisert personell som kan arbeide på eller nær det elektriske anlegget. Alt av utføring, endringar og vedlikehald skal skje i samsvar med «Forskrift om elektriske lågspenningsanlegg» [34] og «Forskrift om elektriske forsyningsanlegg» [35].

## 8 Økonomi

### 8.1 Kostnadsoverslag for konseptet

Vi kjem til ein total estimert kostnad på 6,5 millionar kroner på kjende utgifter. Sjå vedlegg 19 for alle kjende prisar. Konseptet har ei kostnadsramme på om lag ti millionar kroner. Dei komponentane og andre kostnadane som vi har funne til prosjektet har vi henta inn pris på. Nokre av prisane er rekna ut i frå føresetnader sidan vi ikkje har fått konkrete tal. Ein sit då att med 3,5 millionar kroner til dei ukjende prisane.

### 8.2 Kjende prisar

#### **Ny nettstasjon**

Eksisterande nettstasjon på ferjekai er ikkje stor nok til å kunne gi nok kraft til både ladning og straum til kai. Vi har fått ein pris frå Sognekraft AS på ny nettstasjon som skal forsyne tilstrekkelig kraft til lading.

#### **EI-Installasjon**

Det må leggest opp kablar og vern til installasjonen. Det er høge effektar involvert og det resulterer i store tverrsnitt på kablar. Vi har fått eit prisoverslag frå Bergen Group Services.

#### **Innbygging av ladestasjon i betong**

Sjå skisse av bygget i vedlegg 19. Vi tok kontakt med Norconsult AS for å få eit prisoverslag på betongbygg.

#### **Batteri**

Vi har planlagt å bruke 2 batteripakkar og kostnaden er utrekna ut frå ein kWh pris gitt frå Multi Maritime AS.

#### **Sensorar**

Vi har funne alle sensorane vi har hatt behov for hjå Omron AS og Elfa AS.

#### **Frekvensomformarar og motorar**

Vi har fått prisoverslag på motorar og frekvensomformarar frå Lønne AS.

#### **Dekk og drivverk**

Vi henta informasjon om dekk frå Skandinavisk dekk import, akslingar og nav hjå Røwdehjul.

#### **Komponentar til batteritilkoplinga**

Aktuatoren som er tenkt brukt i tilkoplinga er henta frå Linak AS.

#### **PLS, HMI og trådløs kommunikasjon**

Vi har valt å bruke Siemens AS sitt system.

#### **Sakseheis**

Denne er levert av Beacon Technology.

#### **UPS**

Vi har vore i kontakt med Compower som kunne levere UPS til vårt behov.

### 8.3 Ukjende prisar

#### **Kai-utbygging**

Inngrep i kai er ein kostnad som må bereknast før prosjektet kan realiserast. Vi har ikkje henta inn pris på dette. Vi meiner det kjem fram nok informasjon i rapporten til at ein sakkynstig skal kunne ta mål på plassen og estimere pris for kva eit slikt inngrep vil koste.

#### **Vogn og plattform**

Vi har ikkje fått styrkeberekna og dimensjonert vogn og plattform. Dette har ført til at vi ikkje har fått nokon til å gje ein pris på dette.

#### **Drift og vedlikehald**

Livslaupkostnad er ikkje utrekna.

#### **Batteriladar**

Vi har ikkje fått pris på denne.

### 8.4 Utgifter til hovudprosjektet

Vi har hatt ein utgift i dette prosjektet. Vi reiste til Sogn for å møte Vidar Øvretun i Sognekraft. Etterpå reiste vi til Mannheller og fekk ei omvising på MF Årdal.

Reiserekninga ligg i vedlegg 19, Økonomi.

Totalutgifta på dette prosjektet kom på kr 1720,-

## 9 Risikoanalyse for prosjektarbeidet

Denne analysen vart laga i forprosjektet. Vi har ikkje utarbeidd ei risikoanalyse for konseptet. Dette er estimert sannsyns- og konsekvensgrad rangert frå 1-5, der 1 er lågast, sjå Tabell 3. Risikoverdien er produkt av sannsyn og konsekvens. Det er denne som er avgjer om det må setjast inn tiltak. Kritisk verdi er 10-12 for vår rangering. Rangeringa er lagt opp etter erfaringar frå tidlegare prosjekt.

**Tabell 3 Risikoanalyse**

<i>Risiko</i>		<i>Sannsyn</i>	<i>Konsekvens</i>	<i>Risikoverdi</i>
Kommunikasjonssvikt gruppe		1	4	<b>4</b>
Kommunikasjonssvikt med bedrifter		1	4	<b>4</b>
Intern konflikt		2	4	<b>8</b>
For lite tid		3	3	<b>9</b>
Økonomi		2	3	<b>6</b>
Overarbeid		2	3	<b>6</b>
Sjukefråvær		2	2	<b>4</b>
Ukjent teknologi		3	3	<b>9</b>
utføring		2	3	<b>6</b>

### **Kommunikasjonssvikt**

Grappa vil i utgangspunktet arbeide mest mogleg på skulen. Dette vil føre til bra kommunikasjon i gruppa, og med rettleiar og prosjektansvarleg. Grappa vil avtale møter med Multi Maritime AS, der mål og planer vert utreda. I tillegg er det oppretta felles mappe på Dropbox og ei side på Facebook. Her kan vi avtale tider, dele filer og kommunisere når vi ikkje er samla.

### **Intern konflikt**

Samhaldet og kommunikasjonen i gruppe er bra. Fagelege diskusjonar held seg på eit sakleg nivå, der vi kjem fram til løysingar som det er semje om i gruppa.

### **Kommunikasjonssvikt med bedrift**

Vi har til no hatt ein god dialog med oppdragsgjevar og håpar på dette held fram resten av prosjektet. Vi har og vore i kontakt med andre bedrifter i samband med kartlegging av nødvendig informasjon. Dialogen har vore god. Bedriftene er positive til å bidra med kompetansen dei har på sine respektive fagområder.

### **Sjukefråvær**

Sjukefråvær kan som regel ikkje føresjåast, men utgjør ein liten risiko ettersom vi er mange gruppemedlemar og alle er involvert i dei fleste arbeidsoppgåvene.

**For lite tid**

Prosjektet er omfattande, men dette er eit teoretisk prosjekt og vi ikkje er avhengig av andre fag for å kunne fullføre. Omfattande arbeid i forhold til tida vi har til rådighet kan bli ei utfordring.

**Økonomi**

Dette er eit teoretisk prosjekt. Det vert derfor ikkje nokon kostnader i form av utstyr. Vi skal prosjektere løysinga så komplett som mogleg. Denne skal vere innafor den bestemte kostnadsråma vi har fått av oppdragsgjevar.

**Overarbeid**

Det meste av tida på timeplanen er sett av til hovudprosjektet. Det er difor nok tid til rådighet. Finn vi fornuftige avgrensingar for prosjektet, skal ikkje overarbeid verta noko problem. Vi er mange gruppemedlemar, difor må arbeidsoppgåvene fordelast etter ledig kapasitet.

**Ukjent teknologi**

Det er mykje tilgjengeleg informasjon om generell batterilading. Det er mindre om batterilading spesielt til vårt prosjekt med så store effektar. Vi er avhengige av å ha ein god dialog med oppdragsgjevar og batterileverandør i samband med dette.

**Utføring**

Korleis det endelege resultatet vert, er avhengig av kor mykje informasjon vi klarar å hente inn om teknologien. I tillegg spelar kapasiteten til straumnett og tida til batteribytet ei viktig rolle, for å fastslå om det er praktisk mogleg å gjennomføre batteribytet.

## 10 Drøfting av resultatet

### Innspel frå bedrifter

Det vore utfordrande å få avklaring på spørsmål hjå enkelte bedrifter innanfor rimeleg tid. Vi trur dette kan vere grunna kommersielle faktorar.

### Heving av batteriluke

Etter telefonsamtale med Sogn Betong AS, kom det fram at det vil bli ein betydeleg kostnad å senke ladestasjon ned i kaia. Kaia må forsterkast og truleg støypast ned til sjøbotn. Ved å heve nivået der batteriet skal stå på ferja, vil ikkje plattformen måtte gå under kai-nivå.

### Dimensjonering av kabelinstallasjon

Det kan vere hensiktsmessig å dimensjonere etter 1500kW kontinuerlig drift. Dette gir rom for utvidingar i framtida, dersom batteriteknologien etter kvart tillèt batteripakker med høgare kapasitet i same fysiske storleik. Ved prisførespurnad på installasjonen valte elektroinstallatøren hjå Bergen Group Services andre komponentar enn det som var anbefalt i FEBDOK, men vi meiner prisen vert omtrent lik så vi endra ikkje dette.

### Batteristorleik av Corvus

I slutten av prosjektet vart vi tilsendt eit utkast frå Corvus der dei dimensjonerte ei elektrisk løysing på 1638kWh. Sjå vedlegg 20, ROM analyse. Grunna manglande avklaring frå Corvus si side, kan vi ikkje svare på om dette er ein batteristorleik som er nødvendig for vår løysing. Løysinga er vanskelig å få til med konteinrarar større enn 40 fot, med maksimal kapasitet på 1000kWh. Denne storleiken vil heller ikkje vere mogleg å lade på 30 minutt med energikapasiteten på Mannheller ferjekai.

### Testtrigg

Tidsramma for batteribytet er lita, så før konseptet kan realiserast må det testast. Vi tilrår å bygge ein testtrigg i full skala, med rørleg sideluke og maksimal stigning. Heile konstruksjonen må testast for dei statiske og dynamiske kreftene som vil oppstå under batteribytet. Testtriggen må vere i rørsle for at ein kan undersøkje om automasjonen kan justere inn plattform og vogn raskt nok under reelle forhold. Det er ein avgjerande faktor at konteinrarane og lukene kan køyre fort nok, samstundes som stabiliteten er oppretthaldt. Motorkapasitet, tal styrehjul, hjuldimensjon og ladetilkopling må testast og godkjennast før det kan setjast i drift.

### Automatisk fortøyning

Det endelege resultatet for batteribyte løysinga er basert på at ferja skal vere stabilisert ved kai på vanleg måte med trøsterane og kloa på køyrelemmen som er vanleg på bilferjer. Om det viser seg at dette ikkje er nok for eit stabilt og påliteleg batteribyte, kan det vere ein fordel å kombinere denne type batteridrift med ei form for mekanisk fortøyning. Eit alternativ kan vere resultatet av tidlegare hovudprosjekt «Automatisk fortøyingsanlegg» (HiSF 2012).

### Vidare arbeid

Forlag til seinare hovudprosjekt kan vere å konstruere og teste ein av dei automatiserte komponentane, til dømes konteinarvogna, eller den justerbare plattformen. Då vil ein kunne gå meir i djupna på kvar detalj og kome fram til eit fullverdig resultat for denne komponenten.

## 11 Konklusjon

Hovudmålet med prosjektet var å prosjektere ei heilautomatisert løysing for batteribyte på ei elektrisk bilferje. Ferjesambandet Mannheller – Fodnes var utgangspunkt. Vi måtte finne teknisk informasjon om batteripakkane, kartlegge energikapasitet ved ferjekaiane og finne eigna plassering for ladestasjon. Endeleg løysing måtte oppfylle dei gitte rammene frå oppdragsgjevar. Dette har vore eit reint teoretisk prosjekt, men har samtidig vore fult av utfordringar. Gruppa har kombinert fleire fagfelt i dette prosjektet, der elektro og maskin har vore betydelege roller. Det har vore både utfordrande og spennande å kombinere desse emna med automatiseringsteknikk. Tverrfagelege prosjekt som dette har stor overføringsverdi til det vi møter seinare i arbeidslivet.

Oppbygging av batteripakke og dimensjonering av ladestasjon har stått sentralt i prosjektet. Det måtte avklarast om det var tilstrekkeleg nettkapasitet ved ferjekaia til å drive eit ladesystem. Det er lite informasjon å finne om store likestraumsanlegg og batterileverandøren har ikkje gjort seg tilgjengeleg for avklaring. Planlegging av ladestasjonen og konstruksjon av vår automatiske hurtigkopling, har difor vore ei utfordring.

Framlegget til løysinga vart prosjektert frå grunnen av, utan føringar frå oppdragsgjevar. Gruppa samarbeida med fleire eksterne partar der vi opplevde at dei hadde interesse for prosjektet. Det å rådføre seg med lokale bedrifter, med kompetanse innan det maritime fagområdet, har vore svært avgjerande for det endelege resultatet. Det er likevel ikkje alle som har møtt våre førespurnader med like mykje interesse. Fleire bedrifter ville heller ikkje bruke resursar på studentprosjekt grunna kommersielle faktorar.

Hovudkriteriet til oppgåva var at batteribytet skulle vere heilautomatisk. Dette har vi løyst. Resultatet har blitt ei batteripakke som blir driven av eigen kraft til og frå ladestasjon. Alle dei mekaniske komponentane er 3D-modellert og konstruksjonen er sett saman og animert i Autodesk Inventor. Dette har vore til stor hjelp ved planlegginga av automatiseringa.


Det er forsøkt å konstruere løysinga så enkelt som mogleg, etter dei gitte rammene. Dette for å gjere konstruksjonen robust og halde kostnadane nede. Fokuset har vore eit raskt og påliteleg batteribyte, med minst mogleg rørelege delar. Eit viktig element har vore at batteribytet skal kunne gjennomførast uansett vêr og sjøforhold, innanfor vår gitte tidsmargin. Det er ikkje grunnlag for å konkludere om dette fungerer i praksis, sidan det må testast først.

Det er ikkje utarbeida noko kostnadsoverslag for mekanisk konstruksjon og utbygging av kai. Utan desse postane er det nytta om lag sekstifem prosent av den totale kostnadsramma. Konstruksjonen er i utgangspunktet enkel, der det er nytta fleire standardkomponentar og kjende løysingar. Gruppa konkluderer derfor med at det er mogleg å bygge ei slik løysing innanfor vår gitte kostnadsramme på ti millionar kroner.

Dette har vore eit lærerikt prosjekt, med mange ulike faktorar å kartlegge. Det har vore fordelaktig med stor gruppe for å kunne gå i breidda i arbeidet. Gruppa er godt nøgde med resultatet, ut ifrå dei føresetnadane vi hadde til å løyse ei slik oppgåve. Alt må testast og kvalitetssikrast før løysinga kan setjast i drift, men rapporten gir eit godt grunnlag for å realisere prosjektet.

## 12 Prosjektadministrasjon

### 12.1 Organisering



#### Prosjektgruppa

- Jermund Hopland [jermundh@stud.hisf.no](mailto:jermundh@stud.hisf.no)
- Thomas André Bondehagen [thomasbo@stud.hisf.no](mailto:thomasbo@stud.hisf.no)
- Erlend Ese [erlendes@stud.hisf.no](mailto:erlendes@stud.hisf.no)
- Thomas Indrefløy [thomasin@stud.hisf.no](mailto:thomasin@stud.hisf.no)
- Roy Andre Solvåg-Hellevang [royas@stud.hisf.no](mailto:royas@stud.hisf.no)

#### Styringsgruppe

- Joar Sande [joar.sande@hisf.no](mailto:joar.sande@hisf.no)
- Sveinung Furnes [sf@multi-maritime.no](mailto:sf@multi-maritime.no)

## 12.2 Tidsbruk og Milepælar

Gruppemedlemene har tatt ulike fag ved sida av prosjektet, så det har forsvunne 2-10 timar med gruppearbeid i veka. Tidsforbruket til gruppa har vore ganske jamt oss i mellom. Gruppa har som regel jobba saman sjølv om det har vore forskjellige ting vi har arbeidd med, slik har vi kunne hjulpt kvarandre med innspel og liknande. Tidsforbruket var 90 til 100 timar per person i forprosjektperioden. Det totale timetalet skal vere opp til fem hundre timar per person. Timelister for prosjektperioden ligg som vedlegg 21.

### Milepælar

❖ Prosjektstart	måndag	06.01.14
❖ prosjektskildring	fredag	17.01.14
❖ Forprosjekt	fredag	14.02.14
❖ Midtvegspresentasjon	onsdag	09.04.14
❖ Innlevering sluttrapport	fredag	23.05.14
❖ Presentasjon	onsdag	28.05.14
❖ Nettsida ferdigstilt	fredag	06.06.14

## 12.3 Møter

### Gjennomførte møter i forprosjektperioden

Dato	Kl.		Type
11.12.13	12:00	Multi Maritime AS	Infomøte
06.01.14	11:00	Gruppemøte	Statusmøte 1
14.01.14	14:00	Multi Maritime AS	Prosjektoppstart
20.01.14	10:30	DNV GL AS	Reglar og krav
22.01.14	13:30	Sognekraft	Energikapasitet kai
22.01.14	15:00	Fjord1 (MF Årdal)	Omvising og info om ferja
23.01.14	12:00	Gruppemøte	Statusmøte 2
04.02.14	12:00	Gruppemøte	Statusmøte 3
11.02.14	13:00	Multi Maritime AS	2. møte oppdragsgjevar

### Gjennomførte møter i hovudprosjektperioden.

Dato	Kl.		Type
26.02.14	13:30	Gruppemøte	Statusmøte 4
05.03.14	13:00	Hellenes	Ekstern konsultasjon
18.03.14	12:00	Gruppemøte	Statusmøte 5
26.03.14	14:30	Hellenes	Ekstern konsultasjon
10.04.14	12:30	Fagskulen	Ekstern konsultasjon
07.05.14	12:00	Gruppemøte	Statusmøte 6
08.05.14	09:00	Multi Maritime	3. møte oppdragsgjevar
16.05.14			

Vi ser at mot slutten av prosjektet har vi ikkje vert flinke nok til å gjennomføre statusmøta, men sidan vi har jobba mykje ilag har vi likevel hatt grei kontroll.

## 12.4 Framdrift i forhold til plan

Når forprosjektet var levert og godkjent starta vi på sjølve hovudprosjektet. Vi delte inn prosjektet i fleire delmål der vi hadde ansvar for kvar vår del av desse. Seinare sette vi saman dei ulike delprosjekta til ei komplett løysing for automatisk batteribyte.

Vi laga eit ganntskjema for framdrifta i forkant av prosjektet og eit i etterkant for å vise korleis vi enda i forhold til planlagt framdrift. Sjå vedlegg 22, ganntskjema. Utviklingsfasen varte om lag ein månad lenger enn planlagt. Målet «godkjenning og utvikling av produkt (batterikontakt)» er fjerna etter vi gjorde ei heilskapleg prioritering på grunn av arbeidsmengda knytt til dette.

## 12.5 Nettside

Som ein del av rammene i hovudprosjektet skulle vi lage ei heimeside for prosjektet.

<http://studprosjekt.hisf.no/~14nfu/>

På denne nettsida har vi presentert prosjektgruppa prosjektet, kom med oppdateringar. Rapportane som vi har produsert og anna relevant informasjon har vi lagt tilgjengeleg på denne sida.

## 12.6 Plakat og pressemelding

Rammene for hovudprosjektet seier og at gruppene skal utarbeide ei pressemelding som skal vere klar om lag fjorten dagar før presentasjonen. Plakat til prosjektet skal vere klar seinast dagen før presentasjonen.

Desse har vi utarbeida og lagt ut på heimesida vår, dei ligger og som vedlegg 23 og 24.

## Referanseliste

- [1] Corvus Energy, «Energy storage module,» [Internett]. Available: <http://www.corvus-energy.com/index.html>. [Funnen 20 01 2014].
- [2] Multi Maritime AS, «Ship design and enggineering,» [Internett]. Available: <http://www.multi-maritime.no/>. [Funnen 14 01 2014].
- [3] Emerson Network Power, «High-Available Power Systems, Part 1: UPS Internal Topology,» 11 2000. [Internett]. Available: [http://www.emersonnetworkpower.com/documents/en-us/brands/liebert/documents/white%20papers/high-availability%20power%20systems,%20part%20i\\_ups%20internal%20topology.pdf](http://www.emersonnetworkpower.com/documents/en-us/brands/liebert/documents/white%20papers/high-availability%20power%20systems,%20part%20i_ups%20internal%20topology.pdf). [Funnen 13 02 2014].
- [4] Corvus Energy, «Certification,» [Internett]. Available: <http://www.corvus-energy.com/certification.html>. [Funnen 14 02 2014].
- [5] Corvus Energy, «Energy Storage FAQ,» [Internett]. Available: <http://www.corvus-energy.com/faq.html>. [Funnen 13 02 2014].
- [6] Det Norske Veritas, «Tentative Rules for Battery Power,» 2012. [Internett]. Available: <https://exchange.dnv.com/publishing/ruleship/2012-04/ts628.pdf>. [Funnen 13 02 2014].
- [7] Det Norske Veritas, «Electrical Installations,» 2013. [Internett]. Available: <https://exchange.dnv.com/publishing/RulesShip/2013-07/ts408.pdf>. [Funnen 13 02 2014].
- [8] Røwde & Co AS, «Røwdehjul,» [Internett]. Available: <http://rowde.no/start/>. [Funnen 23 04 2014].
- [9] Skandinavisk Dekk Import Norge AS, [Internett]. Available: <http://www.sdias.no/>.
- [10] Corvus Energy, «Battery Management Features,» [Internett]. Available: <http://www.corvus-energy.com/managementsystems.html>. [Funnen 14 05 2014].
- [11] Anybus, «Connecting devices with a CAN interface,» [Internett]. Available: <http://www.anybus.com/products/abccan.shtml>. [Funnen 14 05 2014].
- [12] Compower, «UPS og kraftelektronikk,» [Internett]. Available: <http://www.compower.no/no/>. [Funnen 08 05 2014].
- [13] J. E. Ormbostad, Montørhåndboka NEK 400:2010,s281, figur 8.2, 4. utgåve red., A. Øgård, Red., Elforlaget, 2011.

- [14] Omron Electronics Norway AS, «Cylindrical Proximity Sensor E2A,» [Internett]. Available: [http://www.ia.omron.com/data\\_pdf/cat/e2a\\_dsheets\\_d100-e1-01b.pdf?id=1883](http://www.ia.omron.com/data_pdf/cat/e2a_dsheets_d100-e1-01b.pdf?id=1883). [Funnen 14 05 2014].
- [15] ELFA DISTRELEC, «Ultrasonic sensor UC4000-30GM-IUR2-V15,» [Internett]. Available: [https://www1.elfa.se/data1/wwwroot/assets/datasheets/jb241427\\_e.pdf](https://www1.elfa.se/data1/wwwroot/assets/datasheets/jb241427_e.pdf). [Funnen 14 05 2014].
- [16] ELFA DISTRELEC, «Low Profile Rotary sensor,» [Internett]. Available: <https://www1.elfa.se/data1/wwwroot/assets/datasheets/06490007.pdf>. [Funnen 15 05 2014].
- [17] ELFA DISTRELEC, «30mm wide pre-wired limit switches,» [Internett]. Available: [https://www1.elfa.se/data1/wwwroot/assets/datasheets/CE70\\_0\\_M.pdf](https://www1.elfa.se/data1/wwwroot/assets/datasheets/CE70_0_M.pdf). [Funnen 15 05 2014].
- [18] ELFA DISTRELEC, «H8C load cell,» [Internett]. Available: [https://www1.elfa.se/data1/wwwroot/assets/datasheets/H8C\\_eng\\_tds.pdf](https://www1.elfa.se/data1/wwwroot/assets/datasheets/H8C_eng_tds.pdf). [Funnen 15 05 2014].
- [19] Lønne Scandinavia AS, [Internett]. Available: <http://www.lonne.com/>. [Funnen 22 04 2014].
- [20] BEACON Material Handling Equipment, «Heavy Capacity Scissor Lift,» [Internett]. Available: <http://www.beacontechnology.com/scissorlifts/heavycapacityscissorlift/>. [Funnen 12 05 2014].
- [21] Linak Norge AS, «ACTUATOR LA23,» [Internett]. Available: [http://www.linak.com/corporate/pdf/english/data%20sheet/linear%20actuator\\_la23\\_data%20sheet\\_eng.pdf](http://www.linak.com/corporate/pdf/english/data%20sheet/linear%20actuator_la23_data%20sheet_eng.pdf). [Funnen 13 05 2014].
- [22] O. Sande, «Prosesstyring kompendium A7,» Olav Sande, 2012.
- [23] Siemens Global Website, «S7-1200,» [Internett]. Available: <http://support.automation.siemens.com/WW/llisapi.dll?query=6AG1211-1AE31-2XB0&func=cslib.cssearch&content=adsearch%2Fadsearch.aspx&lang=en&siteid=ceus&objaction=cssearch&searchinprim=&nodeid99>. [Funnen 13 05 2014].
- [24] Siemens Global Website, «SIMATIC HMI TP2200 COMFORT PANEL, TOUCH OPERATION, 22",» [Internett]. Available: <https://mall.industry.siemens.com/mall/en/no/Catalog/Product/6AV2124-0XC02-0AX0>. [Funnen 12 05 2014].
- [25] Siemens Global Website, «SIMATIC HMI KTP600 BASIC MONO PN, BASIC PANEL, KEY AND TOUCH OPERATION, 6",» [Internett]. Available: <https://mall.industry.siemens.com/mall/en/ww/Catalog/Product/6AV6647-0AB11-3AX0>. [Funnen 12 05 2014].

- [26] OneCo Products, «Hva er Industrielt Ethernet,» [Internett]. Available: <http://www.onecoproducts.no/Industrielt-Ethernet.aspx>. [Funnen 12 05 2014].
- [27] Siemens AG, «Industrial Wireless Communication,» 09 2009. [Internett]. Available: [http://www.industry.siemens.nl/automation/nl/nl/industriële-communicatie/iwlan-industrial-wireless-communicatie/industrial-wireless-lan/Documents/BS\\_SCALANCE\\_W\\_en\\_2009.pdf](http://www.industry.siemens.nl/automation/nl/nl/industriële-communicatie/iwlan-industrial-wireless-communicatie/industrial-wireless-lan/Documents/BS_SCALANCE_W_en_2009.pdf). [Funnen 12 05 2014].
- [28] Siemens Industrial Automation and Driver Technologies, «Antennas and Accessories,» [Internett]. Available: 13.
- [29] Siemens Industrial Automation and Driver Technologies, «SCALANCE W788-1PRO,» [Internett]. Available: <http://support.automation.siemens.com/WW/llisapi.dll/33318639?func=ll&objId=33318639&objAction=csView&nodeid0=58687227&lang=en&siteid=cseus&aktprim=0&extranet=standard&viewreg=WW&load=content>. [Funnen 24 04 2014].
- [30] Siemens Industrial Automation and Driver Technologies, «SCALANCE W746-1PRO,» [Internett]. Available: <http://support.automation.siemens.com/WW/llisapi.dll?func=cslib.csinfo&nodeid0=21238004&lang=en&siteid=cseus&aktprim=0&extranet=standard&viewreg=WW&objid=58689972&treeLang=en>. [Funnen 24 04 2014].
- [31] Siemens Industrial Automation and Driver Technologies, «SCALANCE x206-1,» [Internett]. Available: <http://support.automation.siemens.com/WW/llisapi.dll?func=cslib.csinfo&objId=24626251&nodeid0=18691432&load=content&lang=en&siteid=cseus&aktprim=0&objaction=csview&extranet=standard&viewreg=WW>. [Funnen 24 04 2014].
- [32] Nokta Industrial Automation Systems, [Internett]. Available: <http://www.noktaendustriyel.com/eng/ProductDetails.html?MLFB=6GK5786-3AB60-2AA0&PageNo=G&PageName=Function>. [Funnen 12 05 2014].
- [33] Tormatic AS, «Lysgitter,» [Internett]. Available: <http://www.tormatic.no/lysgitter/eos-wtfwthf---lysgitter-med-vanntett-kapsling>. [Funnen 14 05 2014].
- [34] Lovdata, «Forskrift om elektriske lavspenningsanlegg,» [Internett]. Available: <http://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/1998-11-06-1060>. [Funnen 14 05 2014].
- [35] Lovdata, «Forskrift om elektriske forsyningsanlegg,» [Internett]. Available: <http://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2005-12-20-1626>. [Funnen 14 05 2014].

## Figur- og tabelliste

### **Figurliste**

Figur 1 Multi Maritime AS logo .....	2
Figur 2 Driftsprofil Mannheller-Fodnes ved dårlige vêrforhold .....	3
Figur 3: Informasjonsmodell med nummererte komponentar og definisjon av aksar .....	8
Figur 4 Modell av batteribyte ved vekslevogn .....	9
Figur 5 Skisse av konteinarvogn med ladetilkopling styrehjul.....	10
Figur 6 Sideluke med styreskinne i midten.....	11
Figur 7 Køyrelem på ladestasjon.....	11
Figur 8 Vogn med hjul og skinner til styring av konteinar .....	12
Figur 9 Skisse av plattform på sakseheiser .....	12
Figur 10 Skisse av køyrelem og sideluke på ladestasjon .....	13
Figur 11 Skisse av batteritilkopling med lineær aktuator og lastcelle .....	16
Figur 12 Einlinje skjema sjølvgåande batterikonteinar.....	17
Figur 13 Illustrasjon av ei lastcelle med påtrykka last.....	18
Figur 14 Sakseheis levert av Beacon.....	20
Figur 15 Siemens S7-1200 PLS.....	21
Figur 16 Siemens Simatic HMI Comfort panel 22" .....	22
Figur 17 Siemens Simatic HMI Basic panel 6" .....	22
Figur 18 Oversikt over oppbygningen av trådløs kommunikasjon.....	24
Figur 19 Algoritme sjølvgåande batterikonteinar .....	25

### **Tabelliste**

Tabell 1 Samansetting av batteripakken .....	14
Tabell 2 Krav til ladestasjon .....	15
Tabell 3 Risikoanalyse .....	29

## Vedlegg

Vedlegg 1 Møtereferat Oppdragsgjevar Multi Maritime AS .....	1
Vedlegg 2 Møtereferat eksterne aktørar.....	6
Vedlegg 3 Interne statusmøter .....	16
Vedlegg 4 Driftsprofil frå Multi Maritime AS .....	22
Vedlegg 5 Kapasitetsberekning, kostnadsoverslag og teknisk data frå Sognekraft AS.....	23
Vedlegg 6 E-post frå Corvus Energy, Trevor Small .....	27
Vedlegg 7 Batteribyteprinsippa frå forprosjekt.....	32
Vedlegg 8 Kjededriftprinsipp .....	42
Vedlegg 9 E-post Multi Maritime, batterispenning .....	46
Vedlegg 10 Forslag hybridløysing frå Corvus Energy.....	47
Vedlegg 11 E-post frå Compower, UPS-system.....	50
Vedlegg 12 Dimensjonering av kabeltversnitt på ferje.....	52
Vedlegg 13 Dimensjonering av kabeltversnitt til lading.....	55
Vedlegg 14 Liste over komponentar med plassering.....	56
Vedlegg 15 Skisse over komponentplassering.....	59
Vedlegg 16 Utrekning av drivkraft motorar .....	60
Vedlegg 17 Teknisk informasjon om motor og pristilbod frå Lønne AS .....	61
Vedlegg 18 I/O-Liste for PLS-ane .....	63
Vedlegg 19 Økonomi .....	64
Vedlegg 20 ROM analyse .....	77
Vedlegg 21 Timelister januar til mai .....	81
Vedlegg 22 Gantt-skjema.....	86
Vedlegg 23 Plakat.....	89
Vedlegg 24 Pressemelding .....	90
Vedlegg 25 Avtale om hovudprosjekt HSF-AIN.....	91
Vedlegg 26 Avtale om publisering.....	92

## Vedlegg 1 Møtereferat Oppdragsgjevar Multi Maritime AS

### Møtereferat

#### Hovudprosjekt 2014 (Lading av elektriske ferjer).

---

Dato	11.12.2013
Klokkeslett	12.00
Varigheit	60 min
Møtestad	Multi Maritime AS (Concordbygget)
Til stades	➤ Roy Andre Solvåg-Hellevang ➤ Gjermund Johannessen

---

Neste møte      Januar 2014

---

#### Sakliste

1. Informasjon om mulig oppgåve til hovudprosjekt.

#### I Diskusjon

På dette møtet informerte Gjermund Johannessen om kva han ønskjer at vi skal finne ut i dette prosjektet. Han ønskjer at vi skal prøve å finne ei løysing på korleis ein skal lage ei enkel, rimelig og funksjonell løysing på lading elektriske ferjer. Vi står fritt til å finne den løysinga vi meiner er den beste, med eit utgangspunkt i sambandet Manheller-Fodnes. Han viste ein video av Tesla sin «batteryswap», da han har sett føre seg at dette kan vere inspirasjon til ei eventuell løysing (bytte batteripakker når ferja ligger til kai). Dei har tidlegare vurdert direkte hurtiglading av ferjene når dei ligger til kai, men p.g.a. behov for store mengder straum på kort tid er dette kostbart å installere. Dette er p.g.a. at straumtilførselen til kaia må oppgraderast med nye tilførselskablar.

Multi Maritime sitter på mykje dokumentasjon og kunnskap som vi kan dra nytte av i dette prosjektet.

#### Arbeidsfordeling framover

- Bestemme oss for om dette er eit prosjekt vi vil satse på.
- Velje prosjektleiar, og andre ansvarsområder.
- Nytt møte med oppdragsgjevar.
- Velje namn på prosjektet.

---

Referent      Roy Andre Solvåg-Hellevang

---

# Møtereftrat

## Automatisert batteribyte på bilferje

---

<b>Dato</b>	14.01.2014
<b>Klokkeslett</b>	14.00
<b>Varighet</b>	60 min
<b>Møtestad</b>	Multi Maritime AS (Concordbygget)
<b>Til stades</b>	<ul style="list-style-type: none"><li>➤ Roy Andre Solvåg-Hellevang</li><li>➤ Thomas Indrefløy</li><li>➤ Jermund Hopland</li><li>➤ Thomas André Bondehagen</li><li>➤ Erlend Ese</li><li>➤ Sveinung Furnes</li><li>➤ Hans Kristian Dyrli</li></ul>

---

<b>Neste møte</b>	Ved behov. (11.02.2014)
-------------------	-------------------------

---

### Sakliste

2. informasjon om prosjektet.
3. eventuelt

### I Diskusjon

Vi fekk ein god gjennomgang av kva Multi Maritime tenkjer med dette prosjektet. Vi skal ta utgangspunkt i Manheller-Fodnes sambandet. Dei ynskjer ei heilautomatisert løysing som ikkje trenger ekstra mannskap, og det skal vere muleg å utvide om ein trenger større batteri dersom ferja f.eks. skulle flyttast til eit anna samband. Ferja trenger eit batteri på rundt 150kW/h for å klare ein overfart. Må ha UPS-straum ved batteribyte, og vi må sjekke evt behov for synkronisering ved tilkopling. Vi må sjekke ut om krav ved ambulanseutrykking. Vi må også sjekke støtteordningar frå f.eks. NOX-fondet, og eventuelle krav frå DNV.

Systemet må vere funksjonelt og driftssikkert.

Nød drift av ferja skal vere dieselmotor.

Vi fekk og opplyst at Sveinung Furnes skal vere vår kontaktperson i Multi Maritime.

### Arbeidsfordeling framover

- Fordele arbeidsoppgåver
- innhente dokumentasjon.
- Byrja å utarbeide forskjellige løysingar

---

<b>Referent</b>	Roy Andre Solvåg-Hellevang
-----------------	----------------------------

---

## Møtereftrat

### Automatisert batteribyte på bilferje

---

<b>Dato</b>	11.02.2014
<b>Klokkeslett</b>	13.00
<b>Varighet</b>	60 min
<b>Møtestad</b>	Multi Maritime AS (Concordbygget)
<b>Til stades</b>	<ul style="list-style-type: none"><li>➤ Roy Andre Solvåg-Hellevang</li><li>➤ Thomas Indrefløy</li><li>➤ Jermund Hopland</li><li>➤ Thomas André Bondehagen</li><li>➤ Erlend Ese</li><li>➤ Sveinung Furnes</li><li>➤ Hans Kristian Dyrli</li></ul>

---

<b>Neste møte</b>	Ved behov
-------------------	-----------

---

#### Sakliste

1. Status prosjektframdrift
2. Avklaringar ang. batteri og informasjon til Corvus
3. Status Sognekraft – Energikapasitet og utbyggingskostnader på Manheller
4. Avklaringar etter synfaring på Manheller og MF Årdal
5. Vurdering av dei fem ulike prinsippsskisser og idear
6. Avgrensingar og framtidige prioriteringar i prosjektet
7. Risikovurdering
8. Avvik og endringar
9. Oppsummering
10. Neste møte

#### I Diskusjon

1. Vi forklarte kor langt vi er kome i prosjektet, og kva vi har jobba med. Vi har kome fram med fem forskjellige løysingar som vi presenterer på møtet. Vi har og vore i kontakt med NOX-fondet og fått informasjon om støtte og korleis ein søker. MM sa at det i prosjektet ikkje er aktuelt å søkje, vi skal kunn berekne støtta, og ta det med i økonomidelen.
2. Batteriet skal ikkje vere større enn at det får plass i ein 20 fots konteinar, og det skal plasserast på bildekkdeknivå (ikkje under). MM vil ha eit minimum av batteri om bord, kunn for drift av ferja ved byte av batteripakke. 10 års garantien frå Corvus er nok, vi trenger ikkje be om lenger tid. Cos  $\varphi = 1?$  ved lading.

3. Vi fortalde om møtet vårt med Sognekraft. Dei vart opplyst om energikapasiteten på Manheller og kostnadane for utviding. Vi vart einige om at kapasiteten er meir ein stor nok utan å måtte byte tilførselskabelen.
4. Ikkje så mykje å forklare her, informerte om omvisinga på MF Årdal, og synfaringa av kai anlegget.
5. Vi fortalde om batteribyteprinsippa, og MM fekk sjå prinsippsskisser av dei forskjellige. Hopland «briljerte» med video av sitt prinsipp, som og var det som verkar mest lovande. MM meinte at det var «rotorprinsippet» og «sideskyvprinsippet» som var dei to beste, og at «kai-kranprinsippet» kan vere mogleg. Dei to andre prinsippa vart «kassert».
6. Vi vart oppfordra til å halda fram med «rotorprinsippet» og «sideskyvprinsippet», samt jobbe med batteritilkoplingspluggen.
7. Vi skulle prøve å bruke så mykje standardløysingar som råd, då dette er billigare og enklare å vedlikehalde enn å finne opp løysingar sjølv.
8. Når det gjelder risikovurdering meiner MM vi skal ta ei enkel generell vurdering. Dersom vi går for djupt inn i emnet vil vi støyte på for mange risikomoment. Dette er noko som vi ikkje skal hengje oss for mykje opp i. Ta ei enkel 2-delt risikovurdering, teknisk og økonomisk.
9. Ingen store avvik og endringar, vi er på rett vei og må ha fokus på kostnad.
